

KOMMUNALT INFORMASJONSMAGASIN FRÅ LUSTER KOMMUNE

# LUSTRA

nytt



Nr. 1 • 2010

15. årgang



*God påske!*

# Ordføraren har ordet

Me har hatt ein litt merkeleg vinter. Ein av det gode, gamle slaget når det gjeld temperatur, men snøen har late venta på seg. På kysten, og i elles snøfattige område, har det kome snø, men hos oss har det vore sparsamt. Mange av oss har hatt ei god unnskyldning om ikkje å bruka skia så flittig som tidlegare, men vinteren er enno ikkje over. Det er viktig å koma seg ut for å ta vare på helsa både fysisk og psykisk.

## Folketalet aukar

Folketalet i Luster har auka gjennom heile fjoråret. Gladmeldinga kom med statistikken i midten av februar. Folketalet auka med 66 personar i 2009. Berre ein gong etter kommunesamslåinga i 1963 har det vore høgare folkevekst i Luster. 182 personar har flytta til kommunen medan 103 har flytta ut. Me er inne i ein positiv trend, og den ynskjer me skal halda fram. Me vågar sjølv sagt å tru at dette er eit resultat av ei målretta og rett satsing frå politisk side. Gjennom god planlegging og mange positive vedtak legg me opp til at kommunen skal vera attraktiv å bu i og å koma til. Me ynskjer alle tilflyttarar hjarteleg velkomne.

## Karrieremessene


Gjennom regionrådet har kommunen vore med på karrieremesser i Oslo, Bergen og Trondheim. Dette samla mykje ungdom, og det er ein nyttig og viktig arena for marknadsføring av regionen.

Ungdomane er interesserte i å få oversikt kvar det er arbeidsplassar og kva for arbeidsplassar som finst, og då er det viktig å møta ungdomane der dei er. Dette er eit område det bør satsast vidare på.

Ein ting er å vera på messer og skryta over heimkommunane, ei anna oppgåve er det å ta seg av dei som så bestemmer seg for å flytta. Har me ledige hus, og skal kommunen stilla med ledige hus til alle som ynskjer å flytta? Me har svært mange tomme hus dersom me kunne rekna med dei mange private husa som står rundt om. Dette er feriehus som vert brukt nokre veker om sommaren, men elles står dei tomme. Her er eit stort potensiale for å få meir liv i bygdene våre. Tenk over dette du som er eigar av eit ledig hus – det går an å gjera noko med det.

## Samarbeid på tvers av kommunegrensene

blir meir og meir aktuelt. Kommunane får fleire og tyngre oppgåver å ta seg av, og kommuneøkonominen tillet ikkje at alle skal gjera alt åleine. Samhandlingsreforma innan helsetenestene knyter



det seg stor spenning rundt. Dette er ei reform der kommunane skal ta seg meir av dei enklare sjukehustenestene. Det er snakk om meir førebyggjande arbeid og det å få meir helse ut av kronene. I løpet av våren vil det bli meir konkretisert kva kommunane skal ta seg av.

Innan tekniske tenester har me starta ei stor kartlegging om samarbeid med nabokommunane. Me har mange gode eksempel på at det å samarbeida om tenester gir eit rikare og betre tilbod til innbyggjarane.

## Stemmerett til 16-åringane

Ved neste val er kommunen med på ei forsøksordning der 16-åringane får stemmerett. Me er den einaste kommunen i fylket som er med i ordninga, og dette gir oss ei ny utfordring. Frå førre kommuneval er det ca 350 nye veljarar som får lov å stemma. Kommunen si oppgåve er å bidra med informasjon om dette og vera ein pådrivar til at flest mulig av dei unge gjer seg bruk av retten til å vera med å påvirka korleis kommunen skal styrrast. Her har også dei politiske partia ei oppgåve å gjera framover.

## Molden Opp

Til sommaren er det klart for eit nytt motbakkeløp i kommunen. 19. juni blir Molden Opp arrangerert for fyrste gong. Dette blir eit nytt tilbod i denne serien. Frå starten ved fjorden i Marifjøra til toppen av Molden på 1116 m.o.h. vert dette eit kjempeløp for både konkurranseidretten og for oss vanlege turgårar. Ein tur til toppen av Molden midtsommars er ein tur dei fleste av oss kan greia. Luster blir dermed ein av fåe kommunar som kan tilby to fantastiske motbakkeruter i denne klassen med mektige naturopplevelingar.

## Så kjem utfordringa:

Denne gongen går ikkje oppmodinga mi berre til politikarar og kommunetilsette, men til oss alle. Me har ei god forutsetting om å bli den kommunen som samlar flest mosjonistar på toppen i eit motbakkeløp denne dagen. Bli med og set stem-

Rådmannen har ordet:

# Styringsmål i Luster



Skal du skrive om ”styringsmål” i Lustranytt? - sa ein kollega nett no. Eg tenkte det, sa eg. Ja, då har du ein jobb å gjere, for det er nok tungt stoff ... Eg veit han har rett. Men vi kan ikkje alltid skrive det folk har lese før, tenkte eg.

Ein gong på 1800-talet herja det ein bjørn i Balestrand.

Kommunen vedtok då både reglar og skotpremie. Men dei gløymde å setje seg eit mål.

Nemleg at det skulle skytast ein bjørn. Det vart difor heller ikkje avsett midlar til premie. Når bjørnen så fall, hadde dei ikkje pengar. Sagt med andre ord; dei hadde budsjettert med ingen treff! Stemmer dette, Johs B.?

ninga i målområdet – noko mange får med seg. Du er med dette med på ei marknadsføring av kommunen og gir ditt bidrag til ei betre folkehelse. Start trimminga litt i forkant så vert turen ei oppleving.

Molden ligg flott til i sentrum av kommunen med utsikt over sju kyrkjesokner og ein mektig utsikt inn mot Jotunheimen. Molden er ein attraktiv utfarts-plass for både turistar og bygde-

For lenge sidan handla offentleg sektor mest om ytre og indre tryggleik (forsvar, politi, justis). Den offentlege styringa var stort sett av juridisk karakter. Så kom velferdstiltaka, folketrygda og økonomane. Offentleg sektor vaks og budsjetteringskunnskapen likeeins. I dag er ikkje dette nok. No vil innbyggjarar og skattebetalarar vite kva dei får att for alle pengane som vert nytta i det offentlege.

Alle veit at Luster kommune brukar pengar til løn og stillingar, til utstyr, til investeringar og til vedlikehaldstiltak. Men kva kjem ut ”i andre enden”? Kva yter vi i møte med barn og foreldre i barnehagane, kva får vi til

folk, men då utifrå ein lettare tursti frå Krossen på Mollandsmarki.

Påskehelga står for døra. Dei fleste nyttar fridagane til å koma seg ut på ski, på hytta, til fjells med ynskje om strålande sol. Nyt fridagane til rekreasjon og ettertanke:

God påske !

*Torodd Urnes*

av faglege resultat og trivsel i skuleverket og kor mange får hjelp av legane, på helsestasjonen og av fysioterapitenesta? Er eldre som treng heimesjukepleie og heimehjelp tilfredse med tenestene våre, og opplever dei å bli møtte med respekt? Leverer vi god vasskvalitet, og får dei som kjem med byggesaker den oppfølging dei bør?

Slike spørsmål vil i åra framover utfordre kommunane - i større og større grad. I Luster starta vi eit systematisk arbeid på dette området i 2007/08. Vi er no komne så langt at kommunestyret vedtek det vi kallar styringsmål i dei årlege budsjetta. Dette dreier seg om talfesta målsettingar - som spreier seg over stadig fleire tenestområde. I løpet av året skal vi som har ansvaret for å følgje opp budsjetta syte for at måla vert nådde. Dette vert sjekka ut gjennom brukarspørjingar, testingar, målingar, prøvetakingar, registreringar, teljingar, offentleg statistikk og medarbeidarspørjingar. I ei årleg tilbakemelding til kommunestyret skal vi så gjere greie for korleis det gjekk. Mykje av dette er nytt for mange. Og sikkert også komplisert. For ein kommune er ikkje

ei bedrift som får sine daglege korrektiv i ein marknad. Men at kommunen er viktig for folk flest og at "sluttleveransane" våre er aller viktigast, er det ingen tvil om. Og når Luster kommune i august 2008 vart "best", var det faktisk slike ting som dette vi scora på!

Oversynet til høgre viser korleis året 2008 vart oppsummert. No er vi snart ferdige med å gå gjennom 2009. Vi er spente på resultatet.

Har vi nådd dei måla kommunestyret sette? På kva område gjorde vi det spesielt bra og kvar har vi mest å ta tak i?

God påske til alle!

Tore Eriksen  
rådmann

## Luster i førarsetet

Sogn Regionråd står for interkommunalt samarbeid i indre og midtre Sogn. Regionrådet hadde i 2009 åtte medlemskommunar og eit sekretariat lagt til Sogndal kommune. Frå 2010 er medlemstalet sju som følgje av at Årdal har valt å forlate rådet. Ordførarane er fullverdige medlemer, medan rådmennene samarbeider i ei meir driftsretta rådmannsgruppe.

Ordføraren i Luster, Torodd Urnes, er nyvald leiar i rådet (2010), medan rådmannen i Luster, Tore Eriksen, leiar rådmannsgruppa (2009-10).



Tenesteområde / styringsmål	Nådde vi måla i 2008 ?		
	Ikkje heilt	Så godt som	Og vel så det
Barnhagane - brukartilfredsheit	x		
Grunnskulen - nasjonale prøver 5 kl			x
Grunnskulen - nasjonale prøver 8 kl	x		
Grunnskulen - eksamen		x	
Grunnskulen - elevtrivsel		x	
Grunnskulen - elevmotivasjon			x
Helse - konsultasjonar m.v.			x
Pleie og omsorg	ikkje målt		
Byggessak - brukartilfredsheit			x
Tekniske tenester elles		x	
Kultur - brukarmål	x		
Klagesaker med omgjeringssvedtak			x
Alle tilsette - medarbeidartilfredsheit			x
Alle tilsette - sjukefråvar	x		

Opplag: 4.500.

Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnenter utanfor kommunen.

Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukehus og Sentralsjukehuset Førde.

Redaksjonen for dette nummeret vart avslutta 12. mars 2010.

**Ansvarleg redaktør:** Rådmann Tore Eriksen

**Redaksjonen** er lagt til Servicetorget v/leiar Anita Bjørk Ruud.

Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er bidragsytarar til redaksjonen.

Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevest til nemnde adresser.

**Redaksjonen si adresse:**

Luster kommune, Lustranytt,  
Rådhuset, 6868 Gaupne.

Tlf. 57 68 55 00

Faks: 57 68 55 01

E-post: postmottak@  
luster.kommune.no

Layout/trykk: Ingvald Husabø  
Prenteverk as.

Tlf. 57 65 60 05

**Framside:**

Gaupne skule har hatt prosjekt Ski i skulen, og nyttar då området til Sogn Skisenter på Heggmyrane. Foto: Siv Anja N. Kvalsøren.



*Britt Veum Hauge (t.v.) er tilsett som rådgjevar pleie og omsorg hjå rådmannen, Tone Kjærvik Kveane er tilsett som leiar av Luster heimeteneste og Kari O. Paulsen som leiar av Luster sjukeheimsteneste.*

# Arbeidet med oppfølging av helse- og omsorgsplan har starta

Den 24. september 2009 vart helse- og omsorgsplan vedteke av kommunestyret, og aktuelle tiltak er etter dette innarbeidd i kommunen sitt budsjettet for 2010 og økonomiplan 2010 - 2013.

I helse- og omsorgsplan er det lagt opp til ei stegvis utvikling fram mot eit framtidig tenestetilbod skildra i ei ny helse- og omsorgstrapp. I den kortsiktige delen, som går fram til 2013 og som er samanfallande med økonomiplanperioden, er det vedteke til saman 17 konkrete tiltak. I tillegg er det i budsjettet for 2010 vedteke konkretiseringar og einskildtiltak. I sum gjev helse- og omsorgsplan og budsjettet med dette eit klart og

konkret mandat for vidare arbeid.


Dette arbeidet – som i stor grad handlar om gjennomføring av vedtekne tiltak – er no godt i gang.

Arbeidet vert styrt av ei parts-samansett prosjektgruppe som starta arbeidet torsdag 7. januar. Gruppa arbeider no med følgjande tiltak i steg 1 i helse- og omsorgsplan:

- Tiltak 1.0 – Ei heimeteneste.
- Tiltak 1.1 – Ei sjukeheimsteneste.
- Tiltak 1.2 – Felles/ samlokalisert overordna leiing.
- Tiltak 1.3 – Styrking av helse- og omsorgstenesta på kommunenivå.

Tiltaka under steg 1 vil gje ei ny organisering av tenesteområde pleie og omsorg, der ein går frå dagens soneinndeling til to nye tenesteeiningar: Luster sjukeheimsteneste og Luster heimeteneste, med felles/samlokalisert overordna leiing. Dette betyr ei omfattande omorganisering.

Så snart dei to nye einingane er detaljutforma, vil ein starte arbeidet med å utforme den nye administrasjonen som vil bli lagt til Gaupne omsorgssenter. Her vil dei to nye einingsleiarane – Kari O. Paulsen for Luster sjukeheimsteneste og Tone Kjærvik Kveane for Luster heimeteneste – ha sine kontor. Målsetjinga er at ny organisasjon skal setjast i drift frå 21. juni i år.



Som ein del av arbeidet med omorganiseringa av tenesteområde pleie- og omsorg, er det sett i gang eit arbeid med gjennomgang og vurdering av kommunen sine tildelingssystem innan heile tenesteområde helse- og omsorg. Det vil her bli lagt vekt på å få etablert gode system i høve søknader om tenester, vurderings-/tilde-lingsprosessar, vedtak og gjennomføring/oppfølging.

Parallelt med dette vert det arbeidd med overgang til 16 tradisjonelle sjukeheimsplassar, og etablering av 7-8 omsorgsplassar ved Hafslø omsorgssenter. Målsetjinga er at omsorgsplassane skal vere klare til

bruk etter sommaren. Vi vil da ha omsorgsplassar ved alle 3 sjukeheimane og det etterspurde tenestetilbodet på nivået mellom å bu heime og langtidsopphald i sjukeheimen – vil dermed vere styrka i tråd med ny helse- og omsorgstrapp.

## Viktige telefonnummer

Helseenteret/Lege i kontortida

Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet i servicetorget på rådhuset er også sentralbord for kontora på helseenteret med unnatak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykiatrisk helse.

### LEGEVAKT

- snarleg hjelp utanom kontortida Tlf. 57 68 15 55

TANNLEGEN i Nesgården Tlf. 57 65 63 90

KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP Mob. 48 10 21 20  
(Veg/vatn/kloakk)

NAV Luster Tlf. 57 01 58 70

### Andre viktige telefonnr.:

Melding om brann Tlf. 110

Vakthavande brannbefal Mob.: 41 65 94 40

Politi/Lensmann Tlf. 112

# BUFA: Ba

Luster kommune har fleire einingar som skal gje eit tilbod til barn og unge. I februar 2009 vart kommunen med i eit 3-årig prosjekt i regi av KS og Barne- og likestillingsdepartementet. Prosjektgruppa er i gang og er sett saman av representantar frå barnevern, helsestasjon, skule, barnehage, fysioterapi, rådet for funksjonshemma, psykisk helseteam, fastlegar og PPT.

### Målsetjingar for prosjektet:

- Godt tværfagleg samarbeid og gode samordna tenester til brukarane.
- Evaluering av eksisterande system og opplegg innan dei aktuelle tenesteområda.
- Sikre at alle barn og unge får den hjelp dei har behov for, at ingen fell utanfor.
- Ivareta utsette barn og unge på ein sikker og god måte.
- Utarbeide gode system og prosedyrar for samarbeid, gjeldande for alle einingar.
- Gjere det lett for brukarane å få hjelp uansett kven dei vender seg til i kommunen.
- Planlegge og gjennomføre kompetansehevingstiltak for aktuelle tilsette.
- Utnytte ressursane til kommunen best mogleg.

Arbeidet i prosjektgruppa er i gang. I oktober 2009 inviterte vi til seminar for aktuelle samarbeidspartar i Luster kommune, samt samarbeidspartar i andre linjetenesta. 41 deltok og fekk informasjon om prosjektet frå Mette Smedstad, KS sin sentrale prosjektleiar. Vi hadde også ein bok om teieplikt og opplysningsplikt som grunnlag for samarbeid, ved KS advokat Nina Ramstad Aatlo.

# rn og unge - felles ansvar



Frå oppstartseminaret 13.10.2009. 41 deltagarar: Einingsleiarar, HTV, Nav, Tannhelseteneste, Politi, BUP, Habiliteringseininger. Fylkeslegen og Rådet for funksjonshemma.



Nina Ramstad Aatlo, jurist frå KS, underviste om teie- og opplysningsplikt.

For å bli betre på samarbeid er det viktig å kartlegge korleis ting fungerar i dag, kva som fungerar bra og kva som fungerar dårleg. Vi er no i gang med å spørje dei tilsette i kommunen om kva dei meiner og kva dei ser av forbetringstmøgleheter. Vi vil også samle brukar erfaringar med det tverrfaglege samarbeidet, dette er viktige erfaringar når vi skal lage gode rutinar for å møte og ivareta barn/familiar som har trøng for tenester frå fleire instansar. Vi har

som mål å ha analysert desse erfaringane før juli 2010.

Det er eit spennande, men tidkrevjande arbeid. Den enkelte fagarbeidar vert utfordra, men også den kommunale organisasjonsmødelen. Vi er vane med å forhalde oss i loddrette administrasjonslinjer, medan tverrfagleg samarbeid krev innsats på tvers av vanlege kommandolinjer. Vi lyt tenke i nye baner, og vilje til, og ønske om å samarbeide, må vere til sta-

des i alle ledd om vi skal lukkast i å nå målet, som er å gje best mogleg teneste til utsette barn og unge.

Er det nokon som har erfaringar eller synspunkt som ein ynskjer å dele, ta gjerne kontakt med prosjektleiar Anne Helen Strandabø, tlf. 57 68 56 05, Kari Ingeborg Bukve, tlf. 57 68 56 20 eller Hildegunn Øygard Hansen, tlf. 957 28 562.



# Kulturprisen 2009 til Finn Roald Skare

- Kulturprisen for 2009 vert i år tildelt ein person som alltid "har vore der" og hatt ei hand med på det meste. Sjølv er han mellom dei som har stått fram og vorte synleg, sjølv om aktiviteten er skapt av eit heilt miljø.

Det sa ordførar Torodd Urnes då han annonserte Finn Roald Skare som vinnar av kulturprisen i starten på julemøtet til kommunestyret. Og han heldt fram:

- Det heile starta med interessa hans for fagforeningsarbeid og som tillitsvald i Norsk Bygningsarbeiderforbund. Denne skuleringa og etter kvart tileigna kunnskap og praksis skulle visa seg å vera nyttig for dei aktivitetane kulturpriskandidaten også seinare har engasjert seg i. Poltisk engasjement vart også skapt som fylgje av dette, og i

ein periode på åtti-talet var han også medlem av Luster kommunestyre, perioden etterpå i skulestyret.

Men også heilt lokalt organisasjonsarbeid vart ein del av kandidaten sitt engasjement, og eg vil her kort nemna tillitsverva i det lokale idrettslaget og bygdalaget.

Han har tanke for så mangt, og får folk med seg. Alltid hjelsam og i godt humør. Teknikken er i trygge hender når lokale arrangement skal gå av stabelen, anten det er 17.mai – eller andre samkome som f. eks. Lustraløpet som han har vore med å arrangere i alle år.

## Radio Luster eit hjartebarn

Kandidaten har utvist eit allsidig og breitt engasjement innan kulturlivet, men det er i nærradioen – Radio Luster – at kandidaten truleg har lagt ned størst innsats. Sidan 1986, då kandidaten første gong prøvde seg som programleiar og til han overtok det tekniske ansvaret i Radio Luster,

leia den tekniske utbygginga av sendaranlegget på Molden, og no for tre år sidan starta prosjektet med straumframføring til fjelltoppen, har det vorte mange "frivillige" timer.

I Radio Luster er kandidaten mest som "pytt i panne" og dekker dei fleste funksjonane frå teknikar til program-medarbeidar, og no i dei siste to periodane som styreleiar i tillegg. Luster kommune har med denne tildelinga valt å leggja vekt på at kandidaten har utmerka seg i særleg positiv kulturell samanheng. I statuttane er det også lagt vekt på at kulturprisen skal vera ein honnør for oppofrande kulturarbeid og vera ei påskjøning for frivillig innsats.

Med grunnlag i denne nominasjonen har Luster kommune vedteke at KULTURPRISEN for 2009 skal tildelast Finn Roald Skare, avslutta ordføraren. Gåvesjekk på 10.000 kroner og eit diplom var synlege teikn på denne pristildelinga.

## Pandemi

# Erfaringane ved vaksineringa mot svineinfluensa

I denne artikkelen fortel kommuneoverlege Knut Cotta Schønberg om erfaringane dei hadde ved gjennomføring av vaksinering mot pandemisk influensa type A (H1N1) - også kalla svineinfluensa.

WHO erklærte 11.06.09 at verda hadde ein influensapandemi. Det blei gitt forskjellige senaria på tal sjuke, tal arbeidsuføre m.m. Det blei bestilt rikeleg med vaksinar til heile befolkninga og statleg lager med antiviralia blei distribuert til apoteka til redusert pris.

Luster kommune vedtok ny pandemiplan mai 2009.

Utover sommar og hausten 2009 kom det ei rekke tilrådingar og krav frå sentrale myndigheter.

Vi har prøvd å følgje opp dei faglege råd som blei gjeve frå Folkehelseinstituttet (FHI).

Vi mottok kvar veke infoskriv frå FHI. Vaksinar blei levert med eigen bil til kommunen etter god informasjon og styring frå FHI.



*Radio Luster syntet seg å vere ein svært nyttig informasjonskanal. Her er kommuneoverlege Knut Cotta Schønberg i studio og informerer. Foto: Kjell Opheimshaug.*

Kommunen måtte rapportere kvar veke til Fylkesmannen på forhold omkring Pandemien. Det var ein topp med influensa-sjuke i slutten av oktober og i starten av november.

Vi starta vaksineringa 23.10.2009 på Luster Helsestasjon på Helsesenteret. Ein starta då med prioriterte grupper. Dei første vekene fekk vi lite vaksinar og måtte prioritere hardt. Etter nokre veker fekk vi nok vaksinar til å kunne starte med massevaksinering. Vi valte å reise ut til alle skular og barnehagar (med unntak av Veitastrond som fekk tilbod på Hafslo), omsorgssenter og til slutt massevaksinering i gymsalen ved Luster ungdomsskule. Største tal vaksinerte på ein dag; 508. Vaksineringa blei gjennomført effektivt og med kort ventetid.



*Under massevaksineringa fekk helsenesta god hjelp av pensjonerte helsesøstre og 17 frivillige frå Luster Røde kors. Her er det Elen Øygard (t.v.) og Synneva Kvam som sjekkar oss inn.*

Ein etablerte vaksinasjonsteam med helsesøster og lege. Pr. 24.02.2010 har vi vaksinert 2848 personar som utgjer 57% av befolkninga.

### Informasjonsarbeid

Nasjonalt informasjonsarbeid blei supplert med lokalt arbeid. Det blei etablert eigen "influenta-telefon" der innringar kunne få informasjon frå helsesøster i kontortid. Det blei laga direkte informasjon på kommunen si heimeside kalla "Influensa i Luster" med oppdatering kvar veke. Det var her linkar til nasjonale databasar.

Kommuneoverlegen informerte i Radio Luster kvar veke i 6 veker. Alle vaksinasjonstider blei annonser i avis.

### Bruk av personell

Vaksinering av ein stor del av befolkninga kravde ein stor personell innsats og nedprioritering av andre oppgåver. Vi var avhengig av hjelp frå to pensjonerte helsesøstre og 17 frivillige frå Luster Røde kors.

### Vurdering av planverk

Planverket vert vurdert som teneleg. Denne pandemien var langt mindre farleg enn det ein kunne frykte. Største utfordring var lang ventetid på vaksinar, utilstrekkeleg mengde vaksine og forseinking av leveranse p.g.a. brekkasje og frostskade grunna

*Helsesøstrene Anne Helen Strandabø (fremst) og Jorunn Ødegård registrerte inn på data etter vaksineringa.*



sterk kulde under uttransportering til kommunen.

Kvar pandemi vil krevje sin tilnærming, og justeringar vil alltid vere nødvendig.

### Vurdering

Luster kommune var godt forberedt på Pandemien med nyleg vedteken pandemiplan, oppdatterte fagfolk og god informasjonsflyt.

Informasjon til innbyggjarane blei ivaretaken på ein god måte. Bruk av kommunen si heimeside er ein effektiv og enkel måte å informere på. For å nå ut til dei utan PC valte ein å bruke Radio Luster. Dette viste seg til å vere ein særslig informasjonskanal. Tiltaket blei godt motteke. I liknande situasjonar bør ein

bruke Radio Luster aktivt.

Aktiv bruk av frivillige var nødvendig for å gjennomføre massevaksinasjonen. Å ta imot, registrere og vaksinere vel 500 personar på ein dag krev mange hender og god organisering. Bruken av medlemmer til Luster Røde Kors bør bli ein mal for samarbeid mellom det offentlege og dei frivillige.

I tidleg fase i Pandemien valte ein å vaksinere på Helsesenteret. Det var på grunn av liten tilgang på vaksinar og utvalt målgruppe. Då vi fekk nok vaksinar, reiste vi ut til alle skular og barnehagar. Dette gjorde det enkelt for foreldre og bidrog til å auke vaksinasjonsdekninga.

Massevaksinering av vaksne er mest effektivt i ein større organisasjon, og lokala i gamle gymsal til Luster ungdomsskule eigna seg godt til føremålet.

Vi har oppnådd høg vaksinasjonsdekning i forhold til samanliknbare kommunar.

Pandemivaksineringa har vore krevjande for dei impliserte, og oppgåva kom på toppen av vanlege gjeremål. Det er viktig med nok / rett personell samt god planlegging og organisering.

Arbeidet var lærerikt og organisasjonen er no betre førebudd på å takle tilsvarande utfordringar.



*Her er det Svein Thorstensen som får stikket av turnuslege Iman Karaji. I bakgrunnen står helsesøster Laila Molland Årøy.*

# Tid er svært viktig ved hjerneinfarkt

Skal vi hindre skade ved hjerneinfarkt, må vi få pasienten tidlegare til behandling, seier kommuneoverlege Knut Cotta Schønberg til Lustranytt.

- Kva kan vi gjere for å redusere tal hjerneslagpasientar og konsekvensane for dei som får hjerneslag?

Først og fremst må vi styrke kunnskapen i befolkninga om hjerneslag. Alt for få veit kva som er varselsymptoma på hjerneslag og forbigåande hjerneslag (TIA eller ofte kalla drypp).

Kvart år dør det ca 5.500 menneske av hjerneslag i Noreg, det er 10-15% av alle dødsfall. 75% av slagpasientane er over 70 år. 70-80% overlever minst 1 år. 10% bur i sjukeheim, 25% får alvorleg funksjonssvikt.

Vi har i dag betre behandling og opptrening etter hjerneslag og fleire kan overleve og få langt betre funksjon om dei kjem raskt nok til behandling.

Kva er hjerneslag?

- Hjerneinfarkt utgjer 85% og skuldast blodproppløysande
- Hjerneblødning utgjer 10% og skuldast blødning i hjernevevet
- Hjernehinneblødning utgjer

5% og skuldast blødning på overflata

Kva er risikofaktorar for hjerneslag?

Høgt blodtrykk, røyking, hjertesjukdom, sukkersjuke, høgt kolesterol, høgt forbruk av alkohol.

Kva er symptomata på hjerneslag?

Symptomata varierar frå ein lett lammelse i ei hand til plutselig tap av bevisstheit og død. Typen utfall er avhengig av kvar i hernen skada er, graden av utfall er avhengig av storleiken på skaden.

Kva er varselsymptoma på hjerneslag?

Dersom du merkar ein lett eller forbigåande:

- ammelse på ei side av kroppen
- tap av syn på eit auge
- tap av taleevne

Merkar du dette, må du kontakte lege med ein gong, anten på tlf. 57681555 eller 113 !

Kva gjer ein ved symptom på hjerneslag?

- Pasientar med varselsymtom på hjerneslag skal som hovudregel innleggjast i sjukehus.
- Pasientar med nyoppstått hjerneslag skal som hovudregel umiddelbart innleggjast i sjukehus.

Kva er akuttbehandling av hjerneslag?

Alle får vanleg akuttmedisinsk støttebehandling som kan redusere hjerneska- den. Nokon blir behandla med blodproppløysande medisin. Skal medisinen har god effekt, må ein starte behandling innan 4 ½ time etter slaget. Dette betyr: tid er



Kommuneoverlege Knut Cotta Schønberg informerer.

hjerne. Jo raskare me kjem i gang med behandling, jo mindre skade får personen. Både legar og sjukehusa i fylket har i dag ekstra fokus på akuttbehandling av hjerneslag.

Kva er rehabiliteringa etter hjerneslag?

Slagpasienten har ofte mange seinfølgjer etter slaget.

Lammingar, tap av følesans, intellektuelle utfall med taleskrive- og lesevanskars, synsvanskars, svikt i koordinering og romorienteringssans, ustabile kjensler og depresjonar. Alle desse delane blir tekne med i rehabiliteringsprosessen for slagramma. Rehabiliteringa startar på sjukehuset og blir fylgt opp i kommunen. Sjukepleie, ergo- og fysioterapi står sentralt.


Kjenn att symptomata og ta kontakt med legevakt;

## TENK SOS

**S** mil – klarar ikkje å smile normalt utan skeivheit

**O**ver hovudet - klarar ikkje å løfte hendene over hovudet

**S**nakke - klarar ikkje å snakke meiningsfylt



Til Arbeidsgjever som tilset utanlandske arbeidalar

# Tuberkulosekontroll

Tuberkulose er ein alvorleg smittesjukdom og kontroll og behandling er regulert av lov og forskrift. Førekomensten av

Tuberkulose i Noreg er ikkje stor, men av dei med

Tuberkulose kjem ca 80 % frå andre land. Mange land i verda har framleis høg førekomst av tuberkulose. For å avgrense smitte, har personar frå land med høg førekomst av tuberkulose *plicht til å gjennomgå tuberkuloseundersøking* (Forskrift om tuberkulosekontroll, kapittel 3, § 3-1).

Plikta til slik undersøking gjeld dersom personen skal *oppthalde seg i landet i meir enn 3 månader*, og omfattar eit røntgenbilde

av lungene. Undersøkinga bør skje snarast mogeleg og seinast innan 4 veker etter ankomst Noreg.

Kontakt legekontoret for å få gjennomført dette. Dersom du tilset mange utanlandske arbeidarar, bør du avtale med legekontoret korleis de best kan organisere dette for å spare tid og ressursar på blant anna transport til og frå røntgenavdeling. Smittevernlege kan om nødvendig få namnet på personar som skal visast til røntgen før personane er komne til landet for å få fortgong i henvisinga.

Dersom det ved di bedrift /arbeidsplass er behov for støtte

og råd til korleis gjennomføre dette, kontakt legekontoret i Gaupne eller søk råd hos TB koordinator i Helse Førde.

## Oversikt over land med høg tuberkuloseførekomst

Europaregionen inkludert Israel: Albania, Armenia, Aserbajdsjan, Bosnia- Herzegovina, Bulgaria, Estland, Georgia, Hviterussland, Kasakstan, Kirgisistan, Kroatia, Latvia, Litauen, Makedonia, Moldova, Romania, Russland, Serbia, Montenegro, Tadsjikistan, Turkmenistan, Tyrkia, Ukraina og Usbekistan. Andre verdsdelar: Alle land utanom USA, Canada, Australia, Japan og Ny-Zealand.

## Fysioterapi

Ein gong i månaden samlar me kommunale og private fysioterapeutar til felles møte. Då står det ofta eit tema på saklista i tillegg til ordinære møtesaker. På februarmøtet var fot og feilstillingar tema. Tredemølle ved Luster Treningsenter vart nytta og me filma ein sporty frivillig ved gange i ulike tempo. Deretter var det grundig ganganalyse og vurdering. Mange fagpersonar i ivrig diskusjon om årsaker og løysingar. Lærerikt og spennande!

Konklusjonen må bli at det er viktig å passe på føtter og sko. Det kan førebygge plager både i sjølve foten, men også følgjetilstandar elles i kroppen som t.d. i knea.



Frå venstre: Karine Selseng, Marta Marie Bukve, Erik Sannebro, Ronald Velthuijs, Inger Ebbesen og Bjørn Kalstad.





Bileta er frå gruppa ved Luster Omsorgssenter.

## Kom og bli med!

Ein dag i veka er det trim på aktivitetsstova på omsorgssentra. Gruppene er leia av fysioterapeut og trimmen består av enkle øvingar for å blant anna betre balanse og styrke i beina. Etter trim er det kaffi og enkel servering. Tilbodet kostar 30 kroner kvar gong. Transporten er gratis, du bestiller drosje og sender rekninga til oss.

Kva ventar du på?

For informasjon: Ta kontakt med leiande fysioterapeut Kari Ingeborg Bukve, tlf 57 68 56 20.



# SERVICE-SKYSS

## til alle deler av kommunen

Frå nyttår har kommunen i samarbeid med Taxi-service tilbydd Service-skyss i nokre delar av kommunen. I løpet av året vil ein prøva ut tilboden i alle delar av kommunen, men kapasiteten hjå drosjene er for liten til at ein kan setja i gang overalt samstundes.

I områda Veitastrond, Jostedal og Skjolden har ordninga vore i gang frå nyttår, og vil halda fram ut året. Alle rutene har hatt passasjerar, spesielt dei som går mot Gaupne, men det er god plass til fleire.

*I april, like etter påske, vil ein starta opp tilsvarende tilbod i områda Luster, Indre Hafslo og Solvorn.*

Frå sommaren vil det også verta tilbod i Hafslo og Gaupne. Følg med på annonse i lokalavisa.

**Tilboden vert organisert slik:**  
 Det er inga form for godkjenning for å nytta tilboden. På faste dagar og til fast tid, enten kvar eller annakvar veke, vert det sett opp drosje i rute i delar av kommunen. Alle passasjerar som ønskjer å nytta Service-skyssen må bestilla hjå **Taxi-service 57 68 16 20 eller hjå Elvekrok 959 54 001 før kl 18 dagen før turen.** Dei som treng å verta henta på tunet avtalar dette ved bestilling. Rutene vil sjølv sagt gå i retur seinare på dagen.

Eigenbetalinga kr 15,- kvar veg. Rutene vert ikkje køyrdes dersom ingen bestiller skyss, eller dersom ruta fell på ein heilag-/høgtidsdag

**Ruteoppsett**  
 Følg med på annonser i lokalavi-

sa. Eventuelle justeringar av rutetider vil taxi-en informera om. Ein dag i månaden vil rutene gå til Gaupne. Alle tidspunkt er cirka-tider, fordi ein ikkje veit kor mange som er passasjerar frå gong til gong, og kvar dei skal hentast.

### Sørheim-sida + Fortun + Skjolden + Mørkridsdalen

Ruta startar på Skjolden kl 10.30 torsdagar i partal-veker, retur kl 14.30.

Til Gaupne følgjande datoar: 8/4, 6/5, 3/6, 1/7, 29/7, 26/8, 23/9, 21/10, 18/11, 16/12.

Frå Skjolden kl 12.30, retur frå Gaupne kl 15.30.

### Jostedal

Ruta startar frå Gjerde kl 10.30 tysdag i partal-veker, retur kl 12.30.

Til Gaupne følgjande datoar: 20/4, 18/5, 15/6, 13/7, 11/8, 8/9, 5/10, 2/11, 30/11, 21/12.

Frå Jostedal kl 11.30. retur frå Gaupne kl 13.30

### Veitastrond

Ruta startar frå Stølen kl 10 tysdag i oddetal-veker, retur frå Hafslo kl 12.

Til Gaupne følgjande datoar: 13/4, 11/5, 8/6, 6/7, 3/8, 31/08, 28/9, 26/9, 23/10, 21/12.

Frå Veitastrond kl 10, retur frå Gaupne kl 13.30.

### Nes + Luster startar 13.04

Frå Nes kl 13 kvar tysdag, retur kl 15.30.

Lustrabygdi rundt kvar tysdag kl

13.30, retur kl 15.30.

Rute til Gaupne saman med Skjolden andre torsdag i månaden.

### Solvorn startar 9. april.

Frå Solvorn til Hafslo kvar fredag kl 09.30, retur kl 13.30.

Til Gaupne følgjande datoar: 7/5, 4/6, 2/7, 30/7, 27/8, 24/9, 22/10, 19/11, 17/12.

Frå Solvorn kl 9.30, retur frå Gaupne kl 13.00.

### Indre Hafslo startar 12. april

Frå Falkgjerdet kvar onsdag kl 13.00, retur frå Gaupne kl 16.00  
 Mollandsmarki kan også bestilla på denne ruta

### Hafslo startar 2. juli

Hafslo rundt kvar fredag frå Buene kl 9.30, retur kl 12.30.

### Gaupne startar 7. juli

Start frå Pyramiden kl 13 kvar måndag, retur kl 16.

Ordninga med DTD/ TT- transport krev godkjenning på grunnlag av funksjonshemming, og er eit individuelt transporttilbod. Dette tilboden vil halda fram som før.

God tur!




# Glimt frå Hafslo omsorgssenter



Biletet er frå kurset i Løft (Løysningsorientert konflikthandtering). Audhild Mork hadde eit interessant, sprudlande og lærerikt kurs med oss. Deretter hadde me god mat og flott sang av Hafslo Songlag.



Her ser me frå den koselege bakedagen.



Dette biletet viser det nyoppussa bårerommet vårt.



Bading i bassenget, ein ettertrakta aktivitet for desse karane.



# Stadanalysen for Gaupne – stort



Arbeidet med stadanalysen for Gaupne har skapt stort engasjement i bygda denne vinteren og spesielt hjå dei yngste aldersgruppene. Under ”Ope møte” 18. februar fekk dei ulike gruppene presentert sitt arbeid.

**Ungdommen sitt kommunestyre**  
UK var fyrst ute. På slutten av 2009 kom dei med ein tydeleg

uttale på kva som er viktig for ungdommen når det gjeld framtidia for Gaupne. Dei har i sitt innspel lagt stor vekt på viktige trivselsfaktorar som t.d. eit attraktivt sentrum, formelle og uformelle møteplassar.

## Luster ungdomsskule

Ungdomsskulen er fellesskule for fleire bygdelag. Dei hadde

7. klasse hadde fokus på Hanaskjeren – ”The little Pearl in Gaupne”

# Fylkesmannen på vitjing i Luster

Fylkesmann Oddvar Flæte vitja kommuneleiinga Luster 2.mars i år. Fylkesmannen stilte saman med utdanningsdirektør Aslaug Krogsæter, fylkesmiljøvernsjef Nils Erling Yndesdal og rådgjevar Bente Karin Husabø.

I møtet presenterte kommunen sitt nye kvalitetssystem (LKK), tok opp spørsmål som gjeld ressurstildelinga til grunnskulen, gav ein status for arbeidet med å få etablert eit mogleg ”Sogn Brannvern” og kom med synspunkt på kva forvaltningsmodellar vi meiner er best for verneområda i Luster. Avslutningsvis gjennomførte vi eit felles bedriftsbesøk hos Avery Dennison NTP as.

Fylkesmannen gav svært positive tilbakemeldingar på det systemretta kvalitetsarbeidet i Luster kommune. Han meinte vi her låg i ”teten” i fylket og uttrykte at han ønskete å få dette presentert også utafor kommunegrensa.

Når det gjaldt ressurstildelinga til grunnskulen, opplyste fylkesmannen at ein på statleg side ikkje hadde avvik eller merknader i høve skuleåret 2009/10. Ein var samtidig positiv til kom-



Frå venstre: Fylkesmann Oddvar Flæte, Aslaug Krogsæter, Nils Erling Yndesdal og Bente Karin Husabø. På høgre sida av bordet: Rådmann Tore Eriksen, ordførar Torodd Urnes og ass. rådmann John Olaf Røhme.

munen si omlegging i retning av meir delegering av avgjerdsmynnde frå rådmannen til skulenivået (rektorane). Vi fekk vidare klare meldingar om at det nye kvalitetssystemet vårt verka veldig positivt også sett frå ein skulefagleg synsstad.

Fylkesmannen ”applauderte” det arbeidet Luster leiar for å få etablert ei felles brannteneste for kommunane Leikanger, Sogndal, Balestrand, Vik og Luster. Dette har også kome fram ved at fylkesmannen har vore aktivt med å finansiere prosjektet. Målet her er å få ei ny og interkommunal teneste oppe å gå frå 2011. På vernesida uttrykte fylkesmannen at han i all hovudsak deler kommunen sine oppfatningar

om at det samla forvaltningsarbeidet i Luster må sjåast og vurderast i samanheng. Det ligg i dette at ei ny forvaltarstilling må leggjast til Luster og at også SNO bør vurdere å leggje ei ny oppsynsstilling til kommunen. Fylkesmannen gjennomfører denne type besøk til alle kommunane minst ein gong pr valperiode. Føremålet er å halde god kontakt med kommunane og utfylle dei meir regulære tilsyna som vert gjennomførde.

Fylkesmannen sa avslutningsvis at han sette stor pris på bedriftsbesøket hos NTP. ”Dette er faktisk første gong ein kommune inviterer meg og oss med på ei bedrift som ein del av eit slikt besøk”, sa Oddvar Flæte.

# engasjement

arbeidd med temaet i alle klassar og hadde ein felles presentasjon av arbeidet sitt. Dette vart presentert av elevane Kaia Sandvik og Torbjørn Slinde og hovudtema var:

- Kvar møtest ungdomane på fritida?
- Kvar samlast ungdomar frå andre bygder i Gaupne og kva aktivitetar er dei med på?
- Har årstider noko å seie for møteplassane?
- Kva finst av formelle og uformelle møteplassar?

## Gaupne skule

Skulen har gjennom entreprenørskapsprosjektet "Sats på skulen – snu Sogn" hatt mykje fokus på lokalsamfunnet.

Arbeidet med stadianalysen

passa difor godt inn i dette og alle klassane hadde hatt oppgåver der dei på ulike måtar sette fokus på nærmiljøet.

Foreldremøte ved skulen har også drøfta ulike utfordringar knytt til borna sitt oppvekstområde og har m.a. peika på omfanget av parkeringsplassar og biltrafikk i sentrum og lite areal som er forbeholdt gåande /syklistar.

### Fokusområde som har peika seg ut er m.a.:

Under vegs i arbeidet er det ulike utfordringar som no peikar seg ut. Dette gjeld m.a.:

- Trafikkløysingar:
- Rv 55 – avkøyring og krysning
- Bruk av trafikkareal i sen-



*Elevar frå 4. klasse viser korleis dei ser føre seg Røneidsgrandane i framtida*



*Elevar frå 1. klasse viser stolt fram terrengrødelen av Gaupne*



*Modell av gondolbane frå Gaupne og opp til Brunene*

trum: Gang- og sykkelveg, parkering, køyrevegar. Kan sentrum mijukast opp og kan ein få på plass gang- og sykkelvegar som ikkje vert nytta av bilar?

- Betre arealutnytting i samband med utbyggingar når det gjeld bustad, næring og trafikk.
- Grøntområde – møteplassar – turvegar
- Utviklingsretningar på Gaupnegrandane?
- Er det plass og muligheter for både næringsverksemd – bustadbygging og ålmenne fritidsinteresser?
- Tilgang og bruk av fjorden - korleis ta fjordområda meir i bruk?

## Oppfølging

Stadianalysen er ikkje ein formell plan som er heimla i lovverket slik som t.d. reguleringssplanar. Aktuelle endringar må difor takast gjennom kommuneplanen sin arealdel og/eller



Nokre av deltakarane samla på ”Utsikten” på Fjellvegen Røneid. Her er fin utsikt over Gaupne, og Fjellvegen eignar seg godt til trim i naturen. Frå venstre Ingrid Marte Moen, Anne Grete Sva Ramstad (gruppeleiar heimetenester Sogndal), John Havellen, Ken Jarle Johansen, Sigrid Hovden, Eirik Dahl (Vaksenhabiliteringa Helse Førde), Odd Henning Vangestad, Roger Carlsen.

## Vellukka Open meistringsdag

Torsdag 25. februar var deltakarar frå Sogndal, Luster og Vaksenhabiliteringa Helse Førde samla i Gaupne for å gjennomføra første ”Open meistringsdag” i det nye samarbeidsprosjektet mellom Sogndal, Luster og Habiliteringstenesta Helse Førde, og samtidig leggja fast årspannen for 2010.

Det deltok ca. 15 personar frå Luster og Sogndal. Frå Vaksenhabiliteringa Helse Førde

deltok Eirik Dahl. Opplegg for dagen var å einast om plan for året 2010, lunsj, vandring i Gaupne (Fjellvegen Røneid) og til slutt eit besøk og omvisning på Treningssenteret.

**Om ”Open Meistringsdag”**  
 Dette er eit tilbod som Vaksenhabiliteringa i Sogn og Fjordane tidlegare har gjeve til dei som er tilmelde vaksenhabiliteringa, og som til tider kan oppleva at kvardagen kan vera vanskeleg å meistra. Planen er no å vidareføra tilboden i regi av kommunane i Indre Sogn. I første omgang vert dette eit samarbeid mellom Vaksenhabiliteringa Helse Førde og kommunane Sogndal og Luster.

Tilboden er særleg meint for dei som vil ha glede og nytte av samvær/samtale i gruppe, fysisk aktivitet/vandring (med eller utan følgje), og som likar å vera med i eit nettverk på tvers av kommunegrenser. Tilboden vil mellom anna handla om å ivareta si eiga helse, finne skjulte ressursar og utvikla nye.

Program for første samling var:

- laga ein plan for Open Meistringsdag 2010
- lunsj, levert frå ATS
- vandring i Gaupne (”Fjellvegen Røneid”)
- få eit innblikk i kva Treningssenteret har å tilby, v/Bjørn Kalstad



Deltakarane samla for å leggja plan for Open Meistringsdag 2010.

# Bustønad frå Husbanken

Bustønad er ei statleg økonomisk stønadsordning for deg som har låg inntekt og høge buutgifter. Med dei nye reglane for bustønad frå 1. juli 2009 auka både grensene for kor mykje ein kan tene og maksimalt beløp ein kan få utbetalt. Samstundes blei ein del krav i ordninga fjerna. Dette gjer at fleire enn tidlegare vil ha rett til bustønad.

Alle over 18 år kan få bustønad. For studentar utan barn og personar i førstegongsteneste gjeld eigne reglar då desse har andre ordningar for stønad til bustad. Du kan søkje bustønad til bustad du leiger eller eig. Ver merksam på at du må vere registrert som busett i Folkeregisteret i den bustaden du søker stønad til.

Kor mykje bustønad du kan få, er avhengig av dei reelle buutgiftene dine og inntektene i husstanden, men det er satt ei nedre og ei øvre grense for kor mykje stønad du kan få.

## Søknad og fristar

Det er enkelt og ubyråkratisk å søkje om bustønad. Har du fått positivt vedtak om bustønad, treng du ikkje søkje på nytt månaden etter.

Søknadsfrist er 14. i kvar månad, og utbetaling er ca. 10. i månaden etter.

Kommunen og Husbanken samarbeider om ordninga.

Kommunen tek imot søknaden, registrerer den og har den løpende kontakten med deg, medan Husbanken fattar vedtak og utbetalar bustønaden.

Vil du søkje bustønad, finn du skjema på

[www.luster.kommune.no](http://www.luster.kommune.no) eller du kan komme innom på servicetorget å få skjema og rettleiing. Har du spørsmål, kan du kontakte Gunnlaug Saur, tlf. 57 68 55 17.



Fjellvegen på Røneid er eit ypparleg alternativ for den som likar trim i naturen.


**ATS** ARBEIDS- OG TRENINGSSENTERET  
6868 Gaupne - Tlf. 57 68 57 34

ATS minner om nokre av sine tilbod:

- Grøntarbeid, hagestell
- Vaskeri, utelege av dukar
- Kantinenester, skule- og jobbfrukt
- Ved av bjørk og furu, 60 liter sekker
- Transporttenester og flyttehjelp
- Monteringsarbeid
- Makulering
- Tørkefiller, bomullstøy
- Strøsand

# Endra krinsgrense mellom skulekrinsane Gaupne og Dale

Kommunestyret har gjennom ei lokal forskrift endra skulekrinsgrensa slik: Krinsgrensa mellom skulekrinsane Dale og Gaupne vert flyttet og ny grense vert trekt i området mellom tidlegare Nes skulehus og kryssset Rv 55/ privatveg til Høyheim.



Kartskisse over my krinsgrense

## Betalingsatsar og gebyr 2010

Kommunestyret vedtok 17.12.2009 nye betalingssatsar og gebyr for 2010. Dei nye satsane er lagde ut på heimesida på internett, men du kan også få dei i papirform ved å ta kontakt med Servicetorget.

Det er lagt til grunn ein generell auke på 3 - 5 %. I tillegg er det for enkelte satsar føresleje både større og mindre påslag. I samsvar med budsjettet er m.a.:

- foreldrebetaling barnehage, delt plass,
- husleige omsorgsbusta-

der/omsorgsplassar og – betaling for heimetenester auka utover den generelle prisutviklinga.

Det ligg ingen avgift på leige av tryggleiksalarmar frå 1.01.10 med kr 155,- pr månad.

Teknisk tenester:

- Renovasjon – renovasjonsgebyret vert auka med 4 %.
- Slamgebyret. Som for 2009.
- Byggesaksgebyr – satsane vert auka med 3 %.
- Kaiavgifter. Som for 2009.
- Kart og oppmålingsgebyr –

vert indeksjustert årleg etter Statens kartverk sin prisindeks for oppmåling og kartleggingsarbeid.

- Husleige kommunale bustader – satsane vert auka med 3 %.
- Bustadtomtar - ingen endring utover endringar i gebrysatsar.
- Tilknytingsavgifter vgn og kloakk – ingen endring.
- Årsavgift vgn – satsane vert auka med 5 %.
- Årsavgift kloakk – satsane vert auka med 5 %.

# Årsplan 2010-2011 for grunnskule-elevane i Luster

Månad:	Tal skuledagar:	
<b>HAUSTHALVÅRET 2010</b>		
August	<b>Første skuledag:</b> Måndag 16. august	12
September		22
Oktober	<b>Haustferie:</b> Veke 41: Måndag 11. oktober – fredag 15. oktober	16
November		22
Desember	<b>Siste skuledag før juleferien:</b> Tysdag 21. desember	15
	<b>Sum hausthalvåret 2010:</b>	87 (17 v.)
<b>VÅRHALVÅRET 2011</b>		
Januar	<b>Første skuledag:</b> Måndag 3. januar	21
Februar	<b>Vinterferie:</b> Veke 8: Måndag 21. februar – fredag 25. februar	15
Mars		23
April	<b>Påskeferie:</b> F.o.m. måndag 18. april – t.o.m. måndag 25. april Første skuledag etter påskeferien: Tysdag 26. april Elevfri dag: Fredag 1. april	14
Mai	<b>Skulefrie dagar:</b> Måndag 16. mai, tysdag 17. mai	20
Juni	<b>Skulefrie dagar:</b> Torsdag 2. juni, fredag 3. juni og måndag 13. juni (pinse)	10
	<b>Siste skuledag før sommarferien:</b> Fredag 17. juni	
	<b>Sum vårhalvåret 2011:</b>	103 ( 21 v.)
	<b>Sum skuleåret 2010-2011:</b>	190 ( 38 v.)



*Alle deltarane samla på scena til trampeklapp. Alle foto: Siri Ann Skagen.*

## Til UKM fylkesmønstringa 2010

Lokalmønstringa vart arrangert på Fjordstova søndag 24. januar, vi vil gratulere alle med flott innsats. Ein ekstra gratulasjon til dei som skal representere Luster på fylkesmønstringa.

Desse skal representer Luster på fylkesmønstringa:

Turid og Bjørnar  
Audun Moseng  
Mathilde Skjærset  
Einar Bolstad  
L.O.V.E

Fylkesmønstringa vert i Operahuset på Eid 23. - 25. april.

Eit fullsett Fjordstova fekk sjå ei to timer lang førestilling med variert program av høg kvalitet. Det kom inn 8650 kroner i billettinntekter som går til Røde Kors sitt arbeid på Haiti



*Juryen: F.v. Joar Fossøy, Sandra Solvi, Hanne Svingum, Lena Buvik Hauge og Erling Bjørnetun.*



*Einar Bolstad (15) fra Hafslø.*



L.O.V.E.  
v/Stine  
Fiskaa og  
Sarah Fiskaa  
Haugen  
dansa til  
Michael  
Jackson.



Turid Hunshamar Øygarden  
og Bjørnar Hegg Lunde.



Mange tok turen til Fjordstova denne kvelden.



Dansegruppa "Insendio".



# OL- i Gaupne

Dagen kom med kaldt og litt surt vær, men etter kvart tittet sola litt fram. Vi kleddet oss i gode kle og stilte oss opp for å marsjere ned til idrettsbana. Dei eldste borna hadde faklar og flagg. Vi skulle jo tenne den olympiske elden! På idrettsbana hadde vi aking, skiløp, og skiskyting. Det var å kaste ballar på blink. Nokre born fann seg eit hopp, og hadde hoppkonkurranse utan ski!

Skiløpa starta vi med startpistol. Vi hadde eit lite bål som vi varma oss litt rundt. Det var godt på denne heller kalde dagen.

Maten vi åt var fiskekaker i pitabrød. Gaupne barnehage er med i "Fiskesprell-prosjektet" til Fylkesmannen. Der er fokuset fisk og anna sjømat. Borna skal lære seg å ete slik mat, og målet er at det skal bli ein del av kosthaldet, også i barnehagen.

Rammeplanen for barnehagen seier: "Godt kosthald og god veksling mellom aktivitet og hvile, er av betydning for å utvikle ein sunn kropp. Variert fysisk aktivitet både inne og ute er av stor betydning for utvikling av motoriske ferdigheter og kroppsbehersking. Aktiv

## NRK med søkerlys på kulturlivet i Luster

Fredag 19. februar inntok NRK – Sogn og Fjordane Luster kommune med full tyngde, mobilt sendarutstyr og to opplagde programleiarar i Gro Ravnestad og Birger Meland.

Føremålet var å retta søkerlyset på lokalt kulturliv, og presentere dette i si føremiddagssending på direkten.

NRK sin stab gjorde sjølve

utvalet av innslag til sendinga, og ikkje uventat vart det prioritert å formidle song og musikk. Gro Ravnestad leia programmet, og gav mange komplement til våre lokale utøvarar, og lova til og med å koma attende til hausten og delta i markeringa av vår eigen lokale radiostasjon som feirar 25 – år "på lufta".



Audun Moseng i samtale med Gro Ravnestad.

# dag barnehage

bruk av natur og nærmiljø gjev mange muligheter."

Etter maten gjekk dei yngste attende til barnehagen for å sove. Dei andre vart att, til fingrar og føter vart for kalde. I barnehagen vart det utdeling av gull-medaljar til alle, for god innsats. Det var stas!



## Kafé til inntekt for Haiti

Den 15. februar inviterte Gaupne barnehage til kafé, til inntekt for Haiti. På førehand hadde born og vaksne i Gaupne barnehage baka mange skilingsbollar, og ein del vaflar.

Mange besøkte kafeen denne ettermiddagen. Det innsamla beløpet vart til slutt kr 1.228,50.

Takk for støtten!



Mathilde Skjæret i kjent stil.



Gro Ravnestad lova Radio Luster og Finn Roald Skare fellessending frå 25-årsmarkeringa til Radio Luster ein gong i september.

# Fiskesprell i Jostedal barnehage

Jostedal barnehage prøver å jobbe bevisst med kosthaldet i barnehagen, noko som også er i tråd med vedtekne målsettjingar i økonomiplan/budsjett for 2010.

Fiskesprell er eit nasjonalt satsingsområde for barnehagar og skular. Målet med prosjektet er å stimulere til betre kosthald hjå barn og unge, ved å ete meir fisk.

Me har tilnærma oss tema fisk frå ulike perspektiv, og let bilde fortelje.

Me syng om fisk

Me teiknar fisk

Me snakkar om fisk

Me klypper fisk

Me målar fisk

Me lærer om fisk

Me samarbeider og lagar dei finaste ting

Me kokar, lagar og smakar på fisk  
nam, nam, nam...

Fisk er sundt for kroppen min!





## Filmen om Fuglesteg

I haust gjekk fjellturen vår på Dale skule til Fuglesteg. Småtrinnet gjekk frå Fortun og opp, medan mellomtrinnet gjekk frå Berdalen og ned. Mellomtrinnet overnatta også ei natt i Steinstova.

I samband med denne turen vart det laga ein film; dokudrama om Livet i Stegadn. Med utgangspunkt i boka til Arvid Møller, "Jotunheimens døtre", valde elevere seg ut små historiar eller episodar som dei fortel om og dramatiserer på filmen: Då Johanna flytta til Fuglesteg, Lauving og styving, Då Kristen og Erling henta ved, Ungane som gjorde lekser i dei breie glaskarmane, Barnedåp og litt om korleis det er blitt på Fuglesteg no. Dei har fordelt roller, laga manus og filma alt sjølve.

No har me endeleg fått limt alle historiane saman til ein ferdig film! I tillegg til at me viste han på aktivitetskvelden vår, har me og fått vist han fram på årsmøtet til Luster Turlag.





*Elevar frå 1. til 4. klasse med premien: Zakarias (3. kl.), Frida (4. kl.), Ruben (1. kl.) og Kolbein (2. kl.)*



*På ein av turane til Hesteskår fortalte Bjørg Hovland om husmannsplassen.*



*Hesteskår sett frå vegen; eit av bilda 3. og 4. klasse tok til prosjektet.*

## Dale skule vann kamera

1. - 4. klasse ved Dale skule var ein av skulane som valde seg ut eit favoritt kulturminne i 2009 og vart med i ein konkurranse lyst ut av prosjektgruppa for Kulturminneåret i Sogn og Fjordane. Stor var gleda då me vann premien som var eit digitalt spegelreflekskamera.

Elevane sende inn tekst og illusstrasjonar som dokumenterer husmannsplassen Hesteskår i dag. Hesteskår har fått mykje merksemrd i Kulturminneåret, ikkje minst fordi det truleg er ein av dei eldste husmannsplassane i landet.

Her kjem eit utdrag frå arbeidet vårt, heile artikkelen med biletene kan de og finna på [www.GeoAtlas.no](http://www.GeoAtlas.no).

### Husmannsplassen Hesteskår

Me har høyrt fortalt at Luster kommune skilde seg ut frå resten av fylket med at her var svært mange husmannsplassar. Me har sett på gammalt kart, og

på veggen frå skulen og til Hesteskår har der vore omlag 15 husmannsplassar. I dag er det få husmannsplassar att, og i Hesteskår er det eit heilt tun med 5 bygningar. Til Hesteskår er det 15-20 minutt å gå frå skulen; me har vore der og gjort oss kjende med bygningane og historia til plassen. Me tykkjer det er viktig å ta vare på plassen, og vel den som vårt kulturminne 2009.

Plassen er ca 400 år gammal, den er spora tilbake til 1600-talet. I dag står det fem hus på tunet og me ser murar etter fleire. Dei fleste husa er frå 1800-talet. Det mest spesielle er stovehuset som er bygd saman med fjøsen og løa. På ein takbjelke i stova ser me talet 1802. Elles er der eit stabbur som står på fine murar. Ovanfor stovehuset står eit tobakkshus. I Luster har det vore dyrka mykje tobakk og i Hesteskår hadde dei eit eige hus til å turke tobakken. Det er hel-

ler ikkje mange tobakkshus som står att i Luster. I tunet står og eit eldhus med loft oppå, og eit grisehus.

Me ser og murar etter andre bygningar. Nedanfor fjøsen ser me murane til eit møkhus, og bort mot grisehuset ser me murane etter utedoen.

Det er mange murar på markene ovanfor tunet, og gamlevegen til Dalsdalen går forbi Hesteskår. Me har sett at husa i Hesteskår treng å reparerast, og dette arbeidar ein med å få til. Me har høyrt litt om korleis det var å vera husmann. Me tykte det var interessant med dyra. I

Hesteskår hadde dei kyr, sauver, gris. Dei har og hatt hest, for der er stall til høgre på fjøsen.

Hesteskår var husmannsplass fram til 1902.

Me har fleire idear om kva me kan gjera vidare i arbeidet med Hesteskår.



Kor og band i flott samspel.

# Solvorn skule - The Beatles og Olav Stedje

Etter omlag tre månader utan sol er endeleg sola tilbake i Solvorn. Dette ville Solvorn skule markere med ein konsertkveld der fleire av tekstane handla om sola. Samstundes ville me ha tekstar med fokus på vennskap & kjærleik. Tekstar og melodiar vart henta frå historiske The Beatles og den lokale helten Olav Stedje.

Sidan i haust har alle elevane og heile personalet jobba med songane og melodiane. Øvingar omrent kvar veke skulle gi oss eit flott produkt under framsyninga torsdag 18. februar.

Då kvelden for framsyning kom, vart gymsalen på skulen fylt opp av omlag 70 forventningsfulle publikumarar. Dette var ein kveld dei hadde forventningar til, og som dei lenge hadde sett fram til.

Bandet bestod av fire elevar og musikar Asbjørn Handeland, og med lydsjef Leon Lunde var band og lydkvalitet imponerande bra.

Songdelen var ei veksling av korsong og solonummer - du verden kor flinke dei var! Slagerar frå dei nemnde artistane kom på løpende band: Here comes the sun, She loves you, Yellow submarine, I wanna hold your hand (The Beatles), Silje, Eventyr, Ta meg med og Vi vandrar saman (Olav Stedje). Bygdeoriginalen Bottolv Måsevik og den engelske turisten John (var det John

Lennon skal tru?) knytte det heile saman til ei fin historie. Applausen frå publikum ville ingen ende ta, og elevane måtte trå til med to ekstranummer.

Etter førestillinga var det lett servering. Praten og tilbakemeldingane frå publikum var svært, svært positive. Dette var ein kjekk kveld i Solvorn – ein kveld som seit vil gløymast.



Bygdeoriginalen Bottolv Måsevik og turisten John hadde mykje spennande å fortelje kvarandre.



Framsyning og felles måltid med barnehagen på sjølvaste bursdagen til Jan Magnus Bruheim.

## Den kvite hjorten

I to veker i februar har 1., 2. og 3. klasse ved Jostedal skule lagt vekk timeplanen og arbeida grundig med barnediktboka «Den kvite hjorten» av Jan Magnus Bruheim.

Me har blitt kjent med forfattaren som er fra grannebygda vår Skjåk. Jan Magnus skreiv på nynorsk og var litt av ein rimsmed. Han skreiv dikt med gode rim med eit fargerikt lyrisk innhald.

«Den kvite hjorten» handlar om ein hjortekalv som gjekk og beitte med mora si ein fin haustdag. Mora vart skoten, og me følgjer tankane og kjenslene til hjortekalven farande åleine i kalde, framande og ville fjell. Han treff på ein hjorteflokk, men dei går frå den kvite hjorten. Utpå vinteren treff han på ei mus, eit ekorn og ei rype som òg frys og grep seg ned i snøen for å halde varmen. Eit rådyr treff han òg på, men det har frose i hel. Då legg hjorten seg ned for å kvile og sovnar. Korpane kjem og vekkjer hjortekalven. Sola byrjar å varme, og ei fager hjortekolle får blodet til den kvite hjorten til å bruse.

Heile historia har me dramatisert til ei musikkframsyning med songar, tekstar og dansetrinn. Me har laga kulisser og masker. Gruppa «Tindra» har tonesett diktboka. Musikken herifrå har hatt stor appell for store og små. Elevane har arbeida med kvar si diktbok. Me har limt inn og lese gjennom alle dei 61 versa. Elevane har illustrert boka si. Framsyning for barnehage, skuleelevar og foreldre vart ein stor suksess. Tusen takk til foreldre som bidrog med servering til ein triveleg framsyningskveld.



Elevar med stor spele – og dansegleda!

Den kvite hjorten og smådyra han møtte på i vinterkulda.





# Ski i skulen

5. og 6. klasse ved Gaupne skule var så heldige at dei vart valde ut til å vere med på prosjektet "Ski i skulen". Dette er eit prosjekt som er finansiert gjennom prosjektmidlar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sogn og Fjordane Skikrins. I tillegg syter dei kommunane som er utplukka for delfinansiering. Skikrinsen stiller som krav at alle elevane som deltek i prosjektet registrerer sin skiaktivitet gjennom distansekart på nett ([www.barnas-skiklubb.no](http://www.barnas-skiklubb.no)). I overkant av 300 elevar i heile fylket deltok i prosjektet. I prosjektet tilbyr skikrinsen saman med det lokale idrettslaget 6 økter à 2 timer på ski frå veke 3 og fram til vinterferien. Målsetjinga med prosjektet er å skape ei god skiopplæring i grunnskulen, der skiglede i snø er eit sentralt moment, samt å bidra til auka fysisk aktivitet blant born og ungdom gjennom aktivitet vintersid.

Idrettslaget stilte med flinke instruktørar, og opplegget var allsidig og variert. Hovudelementa var å lære grunnleggande ferdigheter knytt til klassisk skiteknikk og friteknikk (skøyting) i langrenn, grunnleggande svingteknikk, hoppteknikk, god balanse og generell skiferdighet i nedoverbakke. Det vart lagt stor vekt på skileik og det å ha det moro på ski. Elevane storkosa seg, og fleire av dei som i utgangspunktet ikkje hadde noko positivt syn på langrenn uttalte i etterkant at "Langrenn er kult!". Dagane vart delte opp i to økter med matpause i mellom, så det vart god tid til kos og.

Me er særstakt nøgde og takksame for at skikrinsen plukka ut oss denne gongen, og håpar sjølv sagt at andre elevar i kommunen får sjansen ved eit seinare høve.



Ståle Johansen, kokk ved Fossheim i Lom, inspirerte kursdeltakarane med mange spennande rettar av hjort og lam.

## Kurs på Luster vidaregåande skule

Hausten 2009 starta Luster vidaregåande skule eit treårig prosjekt kalla "Lokalt mangfald i lærings- og næring". Eit av hovudmåla i prosjektet er å tilby kurs/kompetanseheving som næringa etterspør.

Denne våren arrangerer skulen

fleire kurs som er aktuelle for kommunen sine innbyggjarar. Kursa er eit ledd i utviklinga av skulen som ein aktiv medspelar i lokalt og regionalt næringsliv.

### "Lokal mat på fleire fat"

**9. april**

Våren 2009 vart det arrangert

ein smaksrik kveld på Hafslo, der lokale råvarer var i sentrum. Den 9. april vil me lage eit nytt møte mellom småskala matprodusentar og serveringsstader i kommunen og nabokommunane. Dette vert eit praktisk kjøkenmøte. Målet er å få "Lokal mat på fleire fat".

## Sommarjobbar for 16- og 17-åringar

Tilskot til sommarjobbar i private verksemder Luster kommunestyre har vedteke at private verksemder som tek inn 16- og 17-åringar busette i kommunen i sommarjobb i minimum 2 veker i heiltidsjobb, får eit kommunalt tilskot til dette på kr 3 000 pr. sommarjobb. Til sommarjobbar for ungdom med funksjonshemmning, vert det gjeve dobbelt tilskot.

Det vert betalt ut berre eitt tilskot pr. ungdom, og tilskotet vert ikkje delt om same ungdom tek sommarjobb i fleire verksemder. Det kommunale tilskotet vert gitt til den verksemda som først har 16-/ 17-åringen i sommarjobb (etter skuleslutt). 1. juni vert nytta som datogrense i kalenderåret,

noko som betyr at kommunen yter tilskot til sommarjobb for ungdom som har fylt 16 år, men ikkje 18 år, pr. 1. juni 2010.

16- og 17-åringar i Luster vert oppmoda om å ta kontakt med aktuelle verksemder med spørsmål om sommarjobb.

Søknadsskjema som private verksemder skal nytte ved søknad om kommunalt tilskot, får ein på servicetorget, tlf. 57 68 55 00, eller ein kan finne skjemaet på kommunen sine heimesider: [www.luster.kommune.no](http://www.luster.kommune.no). Siste frist for søknad om tilskot: 1. september 2010.

Søknad om tilskot skal sendast til: Luster kommune, Rådhuset, 6868 GAUPNE.



Vg2-elevane Espen Lomheim og Ismael Ampuero saman med faglærar Helge Fardal på viltkveld i Bremerfjøsen.



Vg1-elev Shajwan Saleem serverer på julebordet til Røde kors besøksteneste på Hafslo.

Lokalprodusert mat kan gi både tilreisande og oss innfødde ei oppleveling som er vel verdt å fokusere på.

**"Det gode vertskap"** 3. - 4. mai  
Her står VERTSKAPET i fokus.  
Ein mykje godt omtala kurshaldar, for ordens skuld ei svensk dame, kjem for å fortelje oss korleis ein god vert kan bli gull verdt. Kurset hjelper deg til å

forstå korleis du kan medverke til at kundane og gjestene dine kjenner seg velkomne og ynskjer å komme tilbake.

**Serveringskurs – de kjem til oss eller me kjem til dykk**  
Skulen tilbyr serveringskurs for serverings/overnattingsbedrifter i Sogn. Kurset kan, etter avtale, arrangerast ute i bedrifta eller på skulen. Ta kontakt for avtale!

Desse og fleire kurs kan du lese meir om på heimesida vår <http://www.luster.vgs.no> eller ta direkte kontakt med skulen, tlf 57682310.

Har du eller bedrifta di tankar om og behov for kurs/opplæring? Ta kontakt med oss og legg fram ditt ynskje, så kan skulen kanskje hjelpe.

## Sommarjobb i kommunen

I budsjettet for 2010 er det òg sett av lønsmidlar til 10 kommunale sommarjobbar for 16- og 17-åringar busette i Luster. Desse sommarjobbene varer i 4 veker, og vert tildelte søkerar ved lodd-trekking.

Sommarjobbene vert fordelt på Luster sjukheimsteneste, Luster heimeteneste, Teknisk drift og barnehagar etter behov.

Søkjarar må ha fylt 16 år innan 1. juni 2010. Ungdom som fyller 18 år innan 1. juni 2010 er ikkje aktuelle for sommarjobb for 16- og 17-åringar.

Ytterlegare opplysningar finn ein på eige søknadsskjema for sommarjobb for 16- og 17-åringar.

Søknadsskjema er utlagt på servicetorget, tlf. 57 68 55 00, og på kommunen sine heimesider: [www.luster.kommune.no](http://www.luster.kommune.no).

Søknad på communal sommarjobb skal sendast til: Luster kommune, Rådhuset, 6868 GAUPNE, innan 16. april 2010.



Luster vidaregåande skule:

# Vidaregående opplæring er inngangsporten til yrkeslivet og vidare studium

I vidaregåande opplæring skil vi mellom yrkesfagleg og studieførebuande opplæring. Luster vidaregåande skule er ein yrkesfagleg skule med opplæring innanfor Restaurant og matfag, Helse og sosialfag og Design og handverksfag. Den yrkesfaglege opplæringa fører fram til eit yrke og gir yrkeskompetanse med eller utan fag- eller sveinebrev. Vel du yrkesfagleg opplæring, kan du gå ut i yrkeslivet etter 3–5 år.

## Påbygging til generell studiekompetanse

Frå hausten 2009 tilbyr Luster vidaregåande skule og opplæring som gir moglekeit til å oppnå generell studiekompetanse: Vg3 Påbygging. Generell studiekom-

petanse er det faglege grunnlaget ein treng for å søkje opptak til universitet og høgskular.

I tillegg til fellesfag som alle måta, skal elevane fordjupe seg innan eit programfag. Elevar som tek Vg3 Påbygging ved Luster vidaregåande kan velje følgjande 5 timars fordjupingsfag:

- Design og arkitektur 1
- Design og arkitektur 2
- Psykologi
- Friluftsliv 1
- Reiseliv og språk 1

Desse fordjupingsfaga er tilpassa skulen sine utdanningsprogram og elevane får eit "skreddarsydd" påbyggingstilbod

## Inntakskrav for påbygging til generell studiekompetanse:

- fullført og bestått Vg1 og Vg2 frå eit yrkesfagleg utdanningsprogram eller
- oppnådd yrkeskompetanse med fag- eller sveinebrev eller
- oppnådd yrkeskompetanse utan fag- eller sveinebrev.

Sjå eigen artikkel som er skrive av elevar som har fordjuping innan programfaget reiseliv og språk.



*Heile klassen i Tivoli.*

# Første året med reiseliv på Luster vidaregåande!

## - Med god respons!

I denne artikkelen skal vi skrive om reiselivslinja dei har å tilby på Luster vidaregåande skule. Dette er eit nytt tilbod på skulen, og vi vil gjerne få fram kva vi gjer på i desse timane.

I ei travel veke med mykje teori, er det godt med eit løft i skuledagen. Reiselivsfaget er morosamt, spa-nande og opplevelsersikt. Det blir ein friskt pust i kvardagen til elevane, med mange turar og opplevelsar. Vi får god erfaring, og lærer oss å sjå korleis reiselivsbransjen verkar og samtidig har vi det kjekt og opplever mykje morosamt.

Gjennom heile året har vi ein del utflukter og studieturar, i tillegg til vanlege timer på skulen. Nyleg har vi vore på tur til København, og har planar om tur til Bergen. Hjortejakt har vi også vore på, der vi gjekk på fjellet i fleire timer før vi kom nedatt til huset og kosa oss med god tradisjonell mat laga av lokale råvarer. Dette var ei spennande oppleving for dei som aldri har vore med på noko liknande før. Etter jakta og litt avslapping, var vi klare til å prøve oss med geværet sjølv. Vi for ut på bøen og skaut på blink med salongrifle, noko som falt veldig i smak for dei fleste. Alt i alt har vi det veldig morosamt og sosialt, på same tid som vi lærer oss pensumstoffet.

*Skrive av: Viktoria Sunde, Elisabeth Dale Larsen,  
Cecilie Sviggum*



*Mariell, Anja, Cecilie, Solveig, Viktoria, Svanaug på  
veg til København*



# Fred gjennom vennskap

I snart seksti år har den frivillige barne- og ungdomsorganisasjonen CISV (Childrens International Summer Village) arrangert internasjonale aktiviteter for barn og unge fra heile verda."Building global friendship" er mottoet og tusenvis av unge har fått spanande opplevelinger i desse åra.

## Internasjonal barneleir

I tida 2. - 29. juli arrangerer fylkeslaget barneleir på Hafslo barne- og ungdomsskule og Luster vidaregåande skule. I fire veker skal 48 ellev-åringar frå 12 land bu i lag på Hafslo. Kvar gruppe på fire 11-åringar har med seg ein voksen leiar, i tillegg bur seks juniorleiarar og ein stab på fire personar på leiren. CISV inviterer til open dag i løpet av leiren og vonar lusteringane er med som vertsfamiliar dei to helgane: 2. - 4. og 16. - 18. juli. Ungane skal vere to og to hjå vertsfamiliar. Mykje av aktivitetane skjer på leirområdet, men leiren skal også på ekskursjoner mellom anna til Nigardsbreen. Ein tur på isen er spanande for ungars som knapt har sett snø før.

## Lusteringar på leir

Sommaren 2010 er det 20 år sidan den første delegasjonen frå Sogn og Fjordane deltok på internasjonal barneleir i

Tyskland. I dei to tiåra som har gått har mange barn og unge frå fylket hatt glede av å vere med på internasjonal barneleir for 11-åringar, ungdomsutveksling for 12 - 16-åringar og seminarleir for 17-18-åringar. Ei av dei er Lill Hege Stølen frå Hafslo. Du kan lese meir om cisv på [www.cisv.no](http://www.cisv.no)

Her kan du lese meir om leiropplevelinga til Lill Hege:

*Det var spanande som 11-åring å reisa til Hamburg og skulle vera borte frå dei heime i ein månad. Delegasjonen frå Noreg på den leiren var samansett av born frå Nordfjordeid, Leikanger, Balestrand og Hafslo. Halvåret før me reiste møttest me fleire helgar for å bli kjende med kvarandre og leiaren vår.*

*Under opphalDET i Hamburg hadde me faste økter med aktivitetar kvar dag, der det var mykje leik og mange lærerike oppgåver me løyste i ulike grupper. Programmet for dei fleste dagane på leiren var likt, men dagane var likevel veldig ulike siden det alltid var nye leikar og påfunn. Det var oss deltakarane på leiren som hadde ansvaret for å vaske toaletta, gangane, romma og på kjøkkenet etter måltid.*



*Leirspråket var engelsk. Det varierte kor mykje me kunne det, men me klarte å kommunisera godt likevel. Det var nokre land som kunne mindre engelsk enn dei andre på leiren, men dette hindra ikkje oss i å ha det kjekt og å vere like engasjerte som me hadde vore om alle hadde snakka det same språket.*

*På dei internasjonale dagane presenterte kvart land seg sjølv og sine tradisjonar. Me hadde på oss bunadar, dansa folkedans og alle fekk smaka graut. Det var delte meningar om den maten. Andre land viste filmar frå landet sitt, hadde skodespel i kostymer eller serverte typiske matrettar frå landet sitt.*

*Det at me vart delt i mange ulike grupper gjorde sitt til at me i løpet av denne månaden vart godt kjend med alle. Nokon har eg framleis kontakt med på nettet og ei jente i den eine vertsfamilien eg var i, var eg på besøk til sist sommar. No gler eg meg til sommaren og å få ei ny leiroppleveling, men denne gongen vert det som kjøkkenstab nokre veker i juli. Kanskje får eg høve til å ta del som deltakar seinare ein gong. Leiren var ei oppleveling for livet og eg anbefalar mange å vera vertsfamiliar slik at de kan bli kjent med born frå andre land og med andre kulturar.*



# Blås grønt!

Også i år vil det bli arrangert «Blås Grønt», i regi av Ungdommen sitt kommunestyre. I år som før kan ein bli heldig vinnar av ei flott gåve. Arrangementet vil ta plass på Hafslon natt til 17. mai og det er planar om å få kombinere dette med ein sosial kveld for ungdom i kommunen.

Arrangementet er for ungdommar frå 8. klasse og til og med dei som fyller 19 år.

Meir informasjon vil bli lagt ut på nettsida til Luster kommune etter kvart som det nærmar seg.



Bilete henta frå Blås grønt 2007.

## Oppdatering prosjekt

### Nye omsorgsbustader

Ved Gaupne omsorgsenter byggjer ein 8 nye omsorgsbustader med tilhøyrande fellesrom.

Omsorgsbustadane vert kobla saman med eldresenteret i austenden. Ein skal og byggja carport for 4 bilar og 2 lager, eit til kjøkkenet og eit sengelager.



### Tilbygg til Gaupne skule

Gaupne skule skal utvidast med 165 m<sup>2</sup> samt ombygging av ca 30 m<sup>2</sup>. Tilbygget skal innehalde klasserom for første klassessteg, SFO-lokale, 2 grupperom samt nytt inngongsparti med tilhøyrande garderobe-fasilitetar og toalett.



# Næringsnytt

## Reiselivssatsing

**Base Camp Tungestølen.** DNT Oslo og Omegn har dei siste åra hatt ein leirstad på Tungestølen. DNT har no valt Tungestølen for satsing på ein permanent leir for sine medlemmer: Base Camp Tungestølen. DNT har søkt om tilskot til finansiering av anlegget, samt eit samarbeid med kommunen om drift av eit toalett som skal vere ope for allmenta. Rådmannen tilrår kommunal medverknad.

DNT Oslo og Omegn har fått eit tilskot på kr 75.000,- til utvikling av Base Camp Tungestølen. Luster kommune inngår avtale med DNT om drift av toalettet på Base Camp Tungestølen, der kommunen tek kostnaden med vask når ikkje leirstaden er i bruk, samt 50% av kostnadene med tömming av anlegget.

\*

**Viki Fjordcamping** er ein veldriuen campingplass, med flott lokalisering tett ved fjorden.



*Viki Fjordcamping har fått lån til å bygge nytt sanitæranlegg.*

Campingplassen har 13 hytter og plass for telt og bilar. Det må byggast nytt sanitæranlegg for å stette både offentlege krav og dei forventningar som marknaden har.

Eigaren har fått inn pristilbod på nytt anlegg; 1,7 mill kr. Viki Fjordcamping har fått eit lån stort kr 500.000,- fra Luster kommune til delfinansiering av nytt sanitærbygg.

\*

**Nes Gard** er eigd av Anders Månum og er eit av reiselivsprodukta i Luster som har hatt ei

god utvikling dei siste åra. Dei har no åtte rom i hovudbygningen og i tillegg har dei innreidd tre rom i sidebygningen. Dei har plass til om lag 30 personar i fellesrom og spisesal. Dei har også leigd inn overnattingskapasitet på høgstandard hytter i området.

Nes Gard ser at dei vil kunne oppnå meir rasjonell drift med å auke kapasiteten på overnatting noko. Dei vil også ha fleire rom med eige bad, då marknaden etterspør dette.

Nes Gard er no i ferd med å bygge ut anlegget ved å bygge nytt annekts i bakkant av gardstunet. Dei byggjer også om eit kårhushus, slik at dei får seks nye rom der alle har private bad.

Etter at denne utbygginga er ferdig vil Nes Gard ha følgjande kapasitet:

- Ni rom med private bad (av desse er fire familierom)
- Tre rom i leilegheiter
- Tre rom med bad i korridoren

Til saman vert det 30 senger, pluss ekstrasenger i familieromma.

Kostnadene ved satsinga er rekna til kr 2,3 mill kr.

Nes Gard ved Anders Månum har fått eit lån i næringsfondet på kr 600.000,- til investering i reiselivsanlegget.



*DNT Oslo og Omegn har dei siste åra hatt ein leirstad på Tungestølen, og har no valt Tungestølen for satsing på ein permanent leir for medlemmane sine. Dette biletet er frå 2006 der dei laga pil og boge.*

# Utvikling på Røneidsgrandane

Blanderiet AS har no vore i effektiv drift sidan ettervinteren 2009. Selskapet har hatt ein god start med store leveransar til både Gullringen, cruisekaien på Skjolden og mange mindre tiltak. Anlegget har fungert godt og det har vore høg aktivitet. Omsetninga i 2009 vil bli om lag 10,5 mill kr og det er varsla overskot. Rekneskapen er ikkje ferdig.

Blanderiet har no fem tilsette. Utover det leiger dei inn 4-5 sjåførar etter behov for å møte etterspurnaden i marknaden.

Blanderiet AS har eit behov for å få opp eit bygg som er vinterisolert og som gjer dei i stand til å levere betong heile året på ein sikker og god måte. For å kunne lagre tilslagsmassar effektivt, må bygget oppførast med vegg i armert betong.

Blanderiet AS har fått eit lån på kr 900.000,- i næringsfondet.

\*

**Vest Asfalfresing AS** vart skipa tidleg i 2007. Johannes Flohaug er no eineeigar i selskapet. Både i 2007 og 2008 har selskapet hatt god omsetning og inntening. I 2008 var omsetninga på 3,1 mill kr og resultatet vart på kr 330.000,-. Tala for 2009 er og venta og bli positive.

Verksemda har hovudmarknaden sin på austlandet, men dei har også oppdrag i Sogn og Fjordane.

Vest Asfalfresing AS har no trong for å bygge eit næringsbygg på Røneidsgrandane. I bygget skal det vere verkstad, lager, kontor og sosiale rom. Bygget er planlagt med ein storleik på 280 m<sup>2</sup>. Kostnaden er kalkulert til 2,3 mill kr.

Vest Asfalfresing AS har fått eit lån i næringsfondet på kr 600.000,- til investering i



Røneidsgrandane sett frå lufta 17. desember 2009. Til høgre på biletet ser vi bygget til Blanderiet som er i ferd å reise seg. I midten ser vi starten på bygget til Asfalfresing AS. Th. Holene AS på Hafslo er tildelt ei fire mål stor tomt attmed Blanderiet for m.a. oppstilling av køyretøya sine.

næringsbygg på Røneidsgrandane.

\*

**Th. Holene AS** er ei stor transportverksemid i Luster kommune. Dei er lokalisert på Hafslo og har 26 køyretøy i drift på ulike transportoppdrag. Det er ca 24 årsverk knytt til verksemda. Verksemda har søkt Luster kommune og fått tildelt omlag 4 mål av næringsarealet på Røneidsgrandane for å ha eit oppstillingsområde for operativt materiell. Over tid kan det vere aktuelt å bygge eit bygg med verkstad og kontor på arealet.

\*

## Landbruks-utbyggingar

**Arne Lad, Marifjøra**, har søkt om lån gjennom næringsfondet til bruksutbygging på bruket han er eigar og drivar av, Lad. Driftsforma på bruket er sauahald i eit omfang av omlag 130 vinterföra.

Byggjeprosjektet omfattar oppgradering av låghusdelen i eksisterande driftsbygning med sosialrom, vaktrom, WC, dusj m.v., og eit frittståande kombinasjonsbygg ved sida av til reiskapar og

avlastningsplassar i lammimga. Driftsplanen er utarbeidd av Luster kommune, teikningane av fylkesmannen si landbruksavdeling og Kjos Bygg AS, og kostnadsrekninga av Kjos Bygg AS. Samla kostnad utan mva. er utrekna til kr 843 000.

Arne Lad har fått innvilga eit rentefritt lån gjennom næringsfondet på kr 253 000,- .

\*

**Jan Norvald Steig, Fortun**, har søkt om eit lån gjennom næringsfondet på kr 1 117 000,- til oppgradering av driftsbygningen på bruket. Planen omfattar eit tilbygg med 29 liggjebåsar, 20 okseplassar og nytt førrom til eksisterande fjøs, ombygging av eksisterande mjølkestall og montering av mjølkerobot. Teikningane er utarbeidde av Felleskjøpet, driftsplanlegginga av Luster kommune.

Driftsplanen føreset dyreomfang på 40 årskyr og 20 oksar. Samla byggjekostnad er utrekna til kr 3 725 000, basert på innhenta tilbod.

Jan Norvald Steig har fått innvilga eit rentefritt lån gjennom næringsfondet på kr 1 117 000,- til bruksutbygging på bruket han er eigar og drivar av, Bjørk.

# Luster Næringsamskipnad skipa

Under det annonserete skipingsmøtet 22. september i år vart Luster Næringsamskipnad skipa.

John Ingar Bukve vart vald som leiar, Bård Huseby nestleiar. I styret sit elles Johnny Øvrebø, Bent Aleksander Elle og Kjetil Hovland. Varamedlem til styret er John Geir Sperle.

## Vedtekter

vedtekne på skipingsmøte den 22. september 2009.

### § 1 Namn: Luster Næringsamskipnad.

§ 2 Medlemmar: Som medlemmer kan takast opp; verksemder og sjølvstendige næringsdrivande som driv næring i Luster Kommune.

### § 3 Føremål:

1. Å samle alle næringsdrivande i Luster kommune til arbeid for å utvikle og støtte opp om tiltak som kan vere til nytte for kommunen og næringslivet.
2. Å fremje eit godt samarbeid mellom næringsdrivande, styremakter og andre organisasjonar
3. Å vere uttaleinstans i saker som vedkjem næringslivet i Luster

### § 4 Samskipnaden si organisering

Årsmøtet er øvste organet i samskipnaden. Røysteføre på årsmøtet er medlemmer som har betalt kontingent.

Årsmøtet skal haldast kvart år innan utgangen av april månad. Styret kallar inn til møtet med 14 dagars varsel. Med innkallinga skal det leggast ved: Sakliste, årsmelding, utdrag av



Eit litt därleg biletet teke under skipingsmøtet: Frå venstre Ole Johnny Uthus, Svein Norberg, Bård Huseby, John Ingar Bukve, Bent Aleksander Elle og Olav Grov.

rekneskapen og framlegg til budsjett.

Årsmøtet skal minimum handsame desse sakene:

1. Godkjenning av årsmelding og revidert rekneskap
2. Budsjett og fastsettjing av medlemskontingent
3. Val av styre, styreleiar, valnemnd og revisor
4. Arbeidsplan kommande år.

Styret er samansett av 5 medlemmer og 1 varamedlem. Årsmøtet vel styreleiaren. Utover dette konstituerer styret seg sjølv. Heile styret er på val kvart år. Minst 3 medlemmer må vere til stades for at gyldig styrevedtak skal kunne fattast.

Valnemnda er samansett av 3 medlemmer og 1 varamedlem. Vedtektsendringar vert gjort med minst 2/3 fleirtal i årsmøtet. Alle andre saker vert avgjort med vanleg fleirtal. Ved likt røystetal er leiaren si røyst

avgjerande. Røysting ved val skal gjerast skriftleg dersom nokon i årsmøtet krev det.

§ 5 Omframt årsmøte: Omframt årsmøte skal haldast når styret eller minst halvparten av medlemmene krev det. Innkallinga skal skje med 7 dagars varsel

§ 6 Opplysing: Framlegg om opplysing av Luster Næringsamskipnad må leggast fram for årsmøte eller omframt årsmøte og avgjerast med 2/3 fleirtal. Årsmøte eller omframt årsmøte avgjer ved vanleg fleirtal korleis midlane i samskipnaden skal nyttast.

Kontingent fram til første ordinere årsmøte: Kr 250 for bedrifter med ein tilsett. Kr 500 for bedrifter med meir enn ein tilsett. Interesserte som ynskjer å bli medlem tek kontakt med John Ingar Bukve.



*Styringsgruppa oppmodar endå fleire verksamder og privatpersonar om å handle Fairtrade-produkt og bidra til rettferdig handel.*



# Fairtrade – rettferdig handel Vil di bedrift bli med på laget?

Fairtrade handlar om rettferdig handel. Fairtrade arbeidat for at internasjonal handel skal føregå på eit grunnlag som set folk i stand til å leva – ikkje berre overleva. Ved at ein handlar Fairtrade-merka produkt bidreg ein til at dei som har produsert vara kan forsyta seg sjølv og familien sin, utan å vera avhengig av hjelp og bistand. Med dette får dei høve til å skapa si eiga framtid og bidra til å byggja opp sitt eige lokalsamfunn.

Luster kommune vart godkjent som Fairtrade-kommune sommaren 2009. Det betyr at det i kommunen vår er mange butikkar og serveringsstader som sel Fairtrade produkt og kommunen sjølv har fleire arbeidsplassar som handlar slike produkt.

**Pr. 1. mars har følgjande arbeidsplassar meldt til oss at dei brukar Fairtrade kaffi og te, og ev. andre produkt:**

PGP  
Luster Sparebank  
LMI  
Jostedal Industri  
Luster Energiverk  
Statkraft  
Avery Dennison NTP  
Kyrkjekontoret  
Rådhuset  
Luster Treningssenter  
Luster Vidaregående skule  
Indre Hafslo barnehage  
Gaupne barnehage  
Luster omsorgssenter.

**De får handla Fairtrade på følgjande butikkar og serveringsstader:**

Spar Gaupne, Spar Hafslo, Spar

Luster, Joker Hafslo, Joker Jostedal, Coop Prix i Gaupne, Coop Fortun, Coop Skjolden, Vinmonopolet.  
Lustrabui, Gaupne hotell, Nigardsbreen Gjesteheim, Jostedal hotell, Breheimssenteret, Fjordstova, Lyngmo  
Ungdomssenter.

Dersom det er fleire bedrifter i kommunen som kan tenkje seg å støtte Fairtrade - rettferdig handel, kan de ta kontakt med Anita Bjørk Ruud på ser vicetorget, 57685500. Me kan hjelpe dykk med informasjonsmateriell og vareprøvar. Sjå [www.luster.kommune.no](http://www.luster.kommune.no), eller [www.fairtrade.no](http://www.fairtrade.no)

# Endring av odelslova, jordlova og konsesjonslova

## Plikt å drive gardane

### – sjølv eller ved bortleige

Det er gjort vesentlege endringar i lovene med verknad frå 1. juli 2009. Endringane inneber ei forenkling av lovverket.

Viktige endringar i odelslova, konsesjonslova og jordlova er mellom anna:

- Reglane om kva for eigedom som kan odlast – arealgrenser auka.
- Løysingsfristen blir sett ned til seks månader.
- Nye rettar for sambuarar, likestilling for kvinner uavhengig av fødselsår, likestilling for adoptivbarn m.m.
- Arealgrensa for konsesjonsplikt for bebygd eigedom er auka til meir enn 25 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord eller 100 dekar totalareal.
- Buplikta regulert i konsesjonslova – lovbestemt 5 år som før, men no også for dei som har løyst eigedomen på odel. Den som ikkje kan eller vil oppfylle buplikta må søkje konsesjon. Det er ikkje lenger høve til å søkje om utsetjing eller fritak etter § 27 i odelslova av 28. juni 1974.
- Dersom eigedomen har bygg som er eller har vore brukt som heilårbustad, og eigedomen er på meir enn 25 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord, eller meir enn 500 dekar produktiv skog, er konsesjonsfritaket etter § 5 første ledd nr. 1 og 2 betinga av at overtakaren buset seg på eigedomen innan eitt år og sjølv bur der i minst fem år.*
- Reglane om driveplikt er no regulert i jordlova. No ei varig plikt – personleg eller ev. bort-



leige på nærmere vilkår som fastsett i lova.

*Jordbruksareal skal drivast. Ny eigar må innan eitt år ta stilling til om han eller ho vil drive eigedomen sjølv eller leige bort jordbruksarealet etter føresegnene i andre ledd.*

*Driveplikta kan oppfyllast ved at arealet vert leidt bort som tilleggsjord til annan landbrukseigedom. Det er ein*

*føresetnad for at driveplikta er oppfylt ved bortleige at leigeavtala er på minst 10 år om gongen utan høve for eigaren til å seie ho opp.*

- Null -grense-regelen endra slik at kommunen kan vedta å setje slektskapsunntaket ut av kraft.
- Ny heimel for Fylkesmannen til å påleggje kommunane å rapportere om sine vedtak.

### Kort om hjort

Frå og med jaktsesongen 2009 vil jaktstatistikk for hjort, elg og rådyr vera tilgjengeleg på [www.hjortevilt.no](http://www.hjortevilt.no). Her kan du finna informasjon om tildekte løyve og fellingsresultat for valda både i Luster og ein stor del av landet elles. Det vil også verta mogleg å fylgja bestandsutviklinga basert på ”sett hjort”-skjema frå og med 2009.

Me nyttar høvet til å minna om fristen for å søkja om endring av vald som er 1. april. Frist for å søkja om godkjenning av nytt vald er 15. mai.

# Mål om auka aktivitet i skogen i Luster i 2010



Skogforvaltninga i Luster vil ha auka aktivitet i skogen framover. Sjølv om det er planting og hogst de fleste tenker på når det gjeld skog, er det og trong for aktivitet mellom desse stadia. Det kan vere t.d. supplering-splanting, rydding av overgrodde plantefelt, avstandsregulering, og mekanisk rydding. Arbeid i skogen er betre økonomi, investering i framtida, gode naturopplevingar, meiningsfullt arbeid og gjev i tillegg fysisk aktivitet. Tilskotsordningane er gode i Luster, med mogelegheit for både kommunale og statlege løyingar. Dette kombinert med bruk av skogfondordninga gjer at ein kan ha ein brukbar timeløn ved å utføre tiltak som er ramsa opp ovanfor.

**Skogfondordninga** er ein skattemessig gulrot som altfor få er klar over. Høgg du virke som vert omsett må ein setje av pengar til skogfond. Dette er ein konto utan rente som hører til skogeigedomen din. Ein kan setje av mellom 4 og 40% av bruttoverdien på tømmeret. Beløpet ein set av kan nyttast til aktivitet i skogen og ein slepp

skatt på 85% av beløpet ! Til dømes høgg ein tømmer for kr. 100.000 på ein eigedom. Ein vel å setje av høgste sats (40%) til skogfond, det vil seie kr. 40.000. Du slepp skatt på kr 34.000 av desse om du nyttar dei til plantekjøp, dekking av løn til planting, seinare mekanisk rydding, bygging av ein vegstubb osv.

## Trong for hogst?

Marknaden ser ut til å ettersørje meir virke, og prisene er på veg oppover. Om du har hogstmoden skog bør du tenke på å ta denne ut. Luster kommune kan hjelpe deg med korleis du går fram i ein slik situasjon. I dag er det tilskot for hogst i bratt terren (taubanedrifter), som skal dekke meirkostnaden ved slike driftar.

## Vegar

Mange stader manglar vegar for å få hogstvirke ut av skogen. Representantar for kommunen, Sogn og Fjordane Skogeigarlag, Fylkesmannen og Prosjekt Kystsogbruket har hatt møte og utarbeidd kart med framlegg til framtidige skogsbilvegtrasear

i kommunen. I område med t.d. store samanhengande granfelt vil det vere rasjonelt å løyse ut skogen gjennom fellesveg. Slike vegar vil lettare løyse ut tilskotsmidlar. Det er Fylkesmannen som forvaltar tilskotsordninga for skogsvegar.

## Tilskot til produksjon av skogflisråstoff

Energiflishogst er eit nytt omgrep der virke (frå tynning, hogstavfall, lauvskoghogst, ungskogpleie m.m.) vert hogd til energiproduksjon og flis. Det må føreliggje leveransekontrakt. Det er tilskotsordning for dette, arealtilskot og driftstilskot. Fylkesmannen godkjenner prosjekt, men kommunen er sakshandsamar. I praksis konkurrar ein del av denne ordninga med virke som går til vedproduksjon og massevirke.

Ordninga er relativt ny og vi har ikkje sett ho i bruk enno. Tilskotsordninga dekker altså ikkje utdrift av skogsvirke til vedproduksjon.

## Kva skal du gjere?

Mange av eigedommene i Luster har nye skogbruksplanar. Av dei går det fram kva som bør gjerast på skogeigedommen. Ta denne fram og ta ein tur oppom kontoret mitt på kommunehuset i Gaupne så kan vi ta ein skogprat.

Arne Kristian Borger  
Skogbruksjef  
Tlf. 57 68 55 84  
e-post: Arne.Kristian.Borger@luster.kommune.no

# Menneskefiskarar

Årets karrieremesser blei avslutta i Grieghallen i Bergen. 550 gjester og 53 stands frå det private næringslivet og offentlege aktørar representerer ein stor auke i deltakartalet.

Det er fjerde år på rad at Framtidsfylket inviterer arbeidsgjevarar og regionar/kommunar i Sogn og Fjordane med på turné for å vise seg fram for studentar og arbeidstakarar i Oslo, Trondheim og Bergen.

Framtidsfylket er eit initiativ frå næringslivet i Sogn og Fjordane, som har lyst å gjere aktive grep for å setje seg sjølv på kartet som ein stad der du kan gjere ei spennande karriere. Målsetjinga med messene er å vere ein møteplass for næringslivet og potensielle arbeidstakarar, og å vise fram dei spennande jobbane og kva som elles rører seg i Sogn og Fjordane. Til saman besøkte nes-ten 950 menneske messene. Dei besøkande er først og fremst unge vaksne. Mange er studenter, og andre er i fast jobb. Dei fleste har tilknyting til Sogn og Fjordane, og mange seier at dei ønskjer å flytte attende til fylket.



Kven kan stå i mot slike slike seljarar av Sogn? Frå venstre: Jarle Aarvoll, ordførar i Sogndal, Torodd Urnes, ordførar i Luster, og næringssjef i Luster, Olav Grov.

Talet på besøkande utan tilknyting til Sogn og Fjordane aukar årleg.

– Messene er omdømmebygging for Sogn og Fjordane i praksis. Skal vi få folk til å flytte, må dei ha ein jobb å gå til, og på denne måten gjer vi at dei opnar augo for kva som finst av spennande jobbar og høve til å etablere seg i fylket vårt, seier Anne van

Oorschot, dagleg leiar i Framtidsfylket AS.

## Sogn Regionråd på plass


Sogn Regionråd hadde eigen stand i alle tre byane. I Oslo var det ordførar og regionrådsleiar Jarle Årvoll, ordførar Torodd Urnes og næringssjef Olav Grov som representerte Sogn. I Trondheim var det sekretariats-

## Motorsagkurs med stor oppslutnad

Luster kommune har arrangert det fyrste motorsagkurset i 2010. Onsdag 23. februar starta innedelen opp på Fonndøla i Jostedalen. Sju motiverte kursdeltakarar møtte med eigne sager og fekk instruksjon av skogbruksinstruktør Arnt Laukeland i korleis motorsaga skal vedlikehaldast. Arnt kombinerer fagleg styrke med sin velkjende humor. Dei fleste lærte heilt nye ting om motorsaga, t.d. filing av grader på sverdet, at nålelageret på saga må smørjast kvar femte bruksdag eller kva som er viktig å passe på når du skal kjøpe ny kjede til sverdet.

Det er nok mange motorsager i bruk rundt om som ikkje yter optimalt! Dag 2 vart nytta på hogst og fellingssteknikk i ein skogteig med furu på Hafslø. Når ein driv i skogen, må alltid tryggleik kome i fyrste rekke. Korleis skal felleskåret sjå ut, tjukkleik på brytekant, bruk av fellespett og vindfallhogst er sentrale tema. Kursdeltakarane fekk prøve seg ved sjølv å felle tre.

Det er stor interesse for desse kursa. Det vert difor fleire kurs utover seinvinteren. Desse er alt fullteikna.



Fylkesordføraren legg ut om "framtidens fylket".

leiari i Sogn Regionråd Arthur Langeland og næringsjef Per Holen frå Leikanger. I Bergen var det Arthur Langeland, Olav Grov, næringsjef Johannes Sjøthun frå Balestrand og ordførar Einar Målsnes frå Balestrand.

Det kom om lag 950 ungdommar med røter frå eller interesse for Sogn og Fjordane på dei tre messene. Det var og mange frå Sogn.

Dei som vitjar messa har litt ulikt utgangspunkt. Somme er nett i gang med ei høgare utdanning, andre er omlag ferdige medan nokre er i sin første jobb etter fullførd utdanning. Ein del er konkret på utkik etter arbeid i heimfylket og vurderer seriøst å flytte heim, medan andre har eit noko meir langsigkt perspektiv på det.

Inntrykket er at dei som kjem på arrangementet tykkjer det er fint at heimfylket "bryr seg".

Standen til Sogn Regionråd var lokalisert tett inntil tunge offentlege verksemder i regionen vår som er i vekst; DIFI, Statens Vegvesen, Høgskulen og Vestlandsforsking. Dette er



arbeidsgjevarar som er interessante for mange med høgare utdanning.

Både private bedrifter og sentrale offentlege verksemder var representerte på standane. Det var også mange andre å treffe; ordførarar, fylkesordførar, stortingsrepresentant frå fylket og kommunalministaren.

Ein viktig programpost var eit talkshow der det vart fokusert på fylket sine mulegheiter, og etterpå var det sjølvsagt god mat.

Det er tredje året næringsjefen i Luster har vore på messa i Oslo, og han veit at fleire han har møtt på stand dei to førre åra, no har flytt heim eller er på veg til å flytte heim.

Olav Grov, som har delteke både i Oslo og Bergen, speidar etter nye potensielle sogningar.



Ivrige jenter som held på med å fylle ut spørjegranskinga på Sogn regionråd sin stand i Bergen.





# Radio Luster jubilerer

Den 9. september 1985 vart det skrive radiohistorie i Luster: Luster Nærradio hadde si første sending. Radio Luster har difor 25-årsjubileum i år, og ynskjer å markere det med m.a. ein artikkel i kvart av nummera til Lustranytt dette året, fortel Kjell Opheimshaug, som i denne artikkelen tek føre seg notida.

## Sendarnettet

Når ein står ved den 40 km lange Lusterfjorden og skodar opp på landemerket Molden, ser ein to antenner som står nær det 1100 meter høge stupet. Den eine tek mot sendinga frå Gaupne. Den andre strålar ut dei same signala til alle som vil høyra på i sendaren si rekkevidde, som utanom Luster omfattar delar av Sogndal, Leikanger og stredene i Lærdal kommune. I tillegg har Radio Luster ein sendar på taket av Pyramiden i Gaupne som forsyner Molden-sendaren med signal. Til Jostedal går lyden via ein sendar over Stegagjerdet til Vigdalen og til Bjørkehaug. Her er det eit nært samarbeid med Statkraft, som har gjort ein viktig jobb for nærradioen. I Fortun står sendaren ved enden av taubana ved Toaren. Veitastrond har sin sendar i eit bustadhus og får signal via internett. I tillegg til FM sendarane som no er nemnde, sender Radio Luster også på internett, slik at i praksis kan ein høyra sendinga jorda rundt.

## Program

Den berande sendinga til Radio Luster er Nattsendinga, som har vore i drift sidan starten.

Nattsendinga går på lufta fredagskveldane kl 22.00 og varer i mellom to og tre timer. Sendinga går i reprise etterfølgjande veke, avbrote av andre faste program. To faste innslag som starta i 2009 som del av nattsendingane er kåseri og Musikkroken. Det siste er eit program med May Iren Lund og Reidar Geithus. Måndag kveld kl 18.00 og 22.00 kjem eit nytt program: "Kjell sin Schlagerparade – musikk med takt og tone". Det er Kjell Opheimshaug som har dette programmet, som er tysk schlagermusikk med eit tilsnitt av Radio Luxembourg-nostalgi. Tysdag har vi kristenmagasinet Radiator ved Frode Schanke Eikum. Han har no studiepermisjon og i mellomtida er det eit erstatningsprogram inne som Trond Johansen står for.

Onsdag kl 20.00 er det Radiobingo og dette er radioen si største inntektskjelde. Ei anna viktig sending for mange er overføringa frå kommunestyremøta. Debattane går som direktesending, med eit redigert samandrag om kvelden. Sakspapira til møta vert lagde ut på internetsida til Radio Luster, slik at publikum lettvint kan finna dei der.

## Internett-tilbodet

Internett-tilbodet på radioen si heimeside er i sterkt og rask utvikling. Det siste er at vi prøver å leggja ut bilete frå nokre av programinnsлага som kjem



*Straum til Molden er det største løftet Radio Luster har teke. Det var Johannes Lie som hadde gravearbeidet i ein alder av 76 år. Foto: Tore Ringheim.*

med kort omtale av programmet. Vidare ligg det lydarkiv frå om lag 150 reportasjar. Ein kan høyra opp att kommunestyredebattane i opptak. Det same gjeld intervju, reportasjar og kåseri. Ein finn her også bilete av medarbeidarane med e-postadresse og telefonnummer. Internettadressa er: [www.radioluster.org](http://www.radioluster.org)

## Teknisk utvikling

Då radioen starta opp for 25 år sidan, var det berre ein sendar i Gaupne. Seinare kom sendaren på Molden, som vart forsynt



*Styreleiar og redaktør i jubileumsåret. F.v. Finn Roald Skare og Kjell Olav Ugulen i teknikarrommet.*

med straum frå solcellepanel og ei stor batteripakke. Seinare vart det installert eit diesellaggregat som vart fjernstarta frå studio før sending. Straumforsyninga var likevel ustabil og ein måtte spara på diesel av di det var dyrt å flyga han opp. Det var difor revolusjonerande då ein hausten 2004 fekk lagt opp straum frå Mollandsmarki. Sendarstyrken kunne mangedoblast og ein kunne lata sendaren stråla ut reprisar døgeret rundt.

Konsekvensen var at lydarane kunne høyra programmet når det passa dei og mottakarkvaliteten vart mykje betre med sterkare utgangssignal.

Straum til Molden er det største økonomiske løftet Radio Luster har teke. Kontantutgiftene kom på ca. 600.000,- kr. I tillegg vart det lagt ned ein stor dugnadsinnsats.

I byrjinga brukte ein kun band-

opptakarar og klipte og limte manuelt under redigering. I dag skjer alt elektronisk og opptakarane ein brukar i felten er på storleik med ein gammaldags tobakkosje. Tradisjonelt har det vore kassettar og CD-ar, men frå januar 2010 spelar ein melodiane direkte av frå musikktilbaren Spotify på internett. Det er ikkje lenger hakk i plata og ein har nærast uavgrensa tilgang på musikk, som let seg finna i løpet av sekundar.

### Radiomuseum

Før jul 2009 opna radioen eit museum med om lag 30 radiomottakarar utanfor lokala til radiostasjonen i Pyramiden. Dette er eit tiltak i samband med jubileumsfeiringa, som har skaffa Radio Luster mykje omtale. Folk er flinke til å besøka utstillinga og ho bringar Radio Luster på folkemunne.

Ein vonar at dette vil gje fleire lydarar og stimulera folk til å ta vare på gamle radioapparat.

### Personalet

Så å seia alt arbeid i Radio Luster skjer på dugnad. Det er hobbyen til folk og kvar programleiar er ansvarleg for å laga sitt program. I tillegg kan vi sjølvsagt laga program for kvarandre om vi har tid og lyst til det.

Det er mange som har vore innom radioen som programmedarbeidarar eller teknikkarar sidan starten for 25 år sidan. Dei som i jubileumsåret jobbar fast med programskaping er: Finn Roald Skare, som også er styreleiar, Kjell Olav Ugulen, redaktør, May Iren Lund, Linda Watten, Erling Bjørnetun, John Havellen, Edvin Flati, Frode Schanke Eikum, Trond Johansen og Kjell Opheimshaug. Oddlaug



Molland trekte seg etter mangeårig programarbeid før siste års skifte, men vil framleis tilby seg å laga enkeltinnslag.

I teknikken arbeider Finn Roald Skare, Steinar Teigen, Gaute Timberlid Teigen og Kjell Olav Ugulen.

Det er no att berre to nærradio stasjonar i Sogn og Fjordane. Den eine i Nordfjord, den andre er Radio Luster, som såleis også er den einaste attverande i Sogn. Det er ingenting som tyder på at Lustraradioen må kasta inn handkledet etter 25 år. Tvert om er entusiasmen stor, men vi skulle ha vore fleire medarbeidarar både i teknikken og i studio. Det ville ha redusert belastninga på kvar medarbeidar.

### Økonomien

Ein av grunnane til at Radio Luster klarar seg økonomisk er at personalet arbeider gratis. Den største inntektskjelda er bingoen, men også lydarlisensen og kulturtildskot frå Luster kommune og Luster Sparebank er viktige bidrag til å få hjula til å gå rundt. Inntektene går til dekning av husleige, straum, tono- og gramoavgift og andre løpende utgifter. Den frivillige lydarlisensen utgjorde i fjar 40.000 kroner. Totalt fekk Radio Luster eit overskot på 32.000,- i 2009.

### Framtidsutsikter

Som nemnt er nærradioen høgst oppegåande i jubileumsåret. Likevel har vi sjølv sagt utfor-

*Sendaranlegget  
på Molden.*



dringar. Den viktigaste er kanskje å skaffa fleire medarbeidarar, slik at slitasjen ikkje vert så stor på kvar einskild. Innan teknikken treng vi personell med gode datakunnskapar, ettersom heile sendinga no er datastyrt og det er ganske innvikla å bruke alle moglegheiter som dette gjev, blant anna under redigering. Har du lyst å prøva deg, anten som teknikkar eller programleiar, så ta gjerne kontakt med oss. Økonomisk sett klarar vi oss ganske bra, dersom noverande struktur på inntekter og utgifter held seg.

### Folketalsutviklinga i Luster kommune

Folketal pr.01/01 -97:	5115
Folketal pr.01/01 -98:	5095
Folketal pr.01/01 -99:	5035
Folketal pr.01/01 -00:	5003
Folketal pr.01/01 -01:	4954
Folketal pr.01/01 -02:	4968
Folketal pr. 01/01-04:	4926
Folketal pr. 01/01-05:	4927
Folketal pr. 01/01-06:	4889
Folketal pr. 01/01-07:	4884
Folketal pr. 01/04-07:	4880
Folketal pr. 01/07-07:	4892
Folketal pr. 01/10-07:	4883
Folketal pr. 01/01-08:	4870
Folketal pr. 01/04-08:	4878
Folketal pr. 01/07-08:	4889
Folketal pr. 01/10-08:	4887
Folketal pr. 01/01-09:	4879
Folketal pr. 01/04-09:	4897
Folketal pr. 01/07-09:	4930
Folketal pr. 01/10-09:	4937
Folketal pr. 01/01-10:	4945

### Endringar i 2009 :

Fødde:	47
Døde:	59
Innflytte:	182
Utflytte:	103

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå, kvartalvis befolkningsstatistikk.  
NB! Talmaterialet for endringar siste kvartal er førebelse tal.



*Produsent Sindre Kinnerød (t.v.) og Lasse Kjus.*  
Foto: Flash studio.



## "Oppdrag: Sognefjorden"

No i vinter og ut på våren skal ein gjeng med 12 eks-tremsportutøvarar samlast på ei båtreise innover Sognefjorden. Dei skal vere med Flash Studio og lage ein 6 episodars TV-serie. Utøvarane, deriblant Lasse Kjus skal få boltra seg i den flotte naturen og bli kjent med lokal kultur og mat. Vi ønskjer å vise ekstremsport på nye måtar, retta mot eit breiare publikum, og sette dette fantastiske området på kartet - også på vinterstid,

fortel produsent Sindre Kinnerød til Lustranytt. Vi føler at dette området har vanvittig potensiale, og har lyst til å vise det norske folk (og det internasjonale publikum) kva området har å by på.

Vi vil legge stor vekt på spektakulære naturbilete, naturopplevelingar og samhaldet på båten, samt vise at utøvarar jobbar med ein kalkulert risiko, og at dette dreiar seg om noko heilt anna enn å være "bajassar og villmenn".

Utøvarane vert rekna som helt i verdsklasse innanfor det dei driv med, og vi kan forvente mykje god stemning og spektakulære utfoldingar. Personleg meiner eg at dette kjem til å bli ein fantastisk TV-serie, som kan fenge fleire generasjoner. Det er jo litt typisk at akkurat denne vinteren ser ut til å bli den dårligaste (med tanke på snø) på mange tiår, men vi håpar framleis at snøen vil komme, og at området kan få vist seg frå sitt flottaste.

# Frå Luster til Stortinget

Tor Bremer kjem inn i skulebygget, her har han ikkje vore på lenge. Han stoppar opp og ser seg rundt, ser kjente fjes, og fleipar litt med nokre tilfeldig forbifarande elevar. Det er tydeleg at han er nysgjerrig på korleis skulebygget har forandra seg med tida. Han går inn på rektor sitt kontor, og vekslar eit par ord med personalet før han går vidare.

*- Korleis er kvardagen din, Tor Bremer?*

No har eg nett vore på Høgskulen i Sogn og Fjordane, og no eit intervju med dykk, før eg reiser vidare med fly til Oslo. I dag er det ein roleg dag. Ein vanleg arbeidsdag er på 10 – 12 timer. På det meste har eg jobba 18 timer. Elles har me eit dagleg møte ca. kl.10.00. På møtet avtalar me kva me skal gjere den dagen og kva saker me skal ta opp. Me får og utlevert det stoffet i avisene som omhandlar politikk, i tillegg får eg ca. 40 e-postar pr. dag.

Det er og veldig mykje papirarbeid, ein gang fekk eg 12 – 15 stortingsmeldingar som eg skulle lese.

På spørsmålet om ein treng nokre spesielle eigenskapar for å være politikar svarar han at du må være interessert i samfunnsspørsmål, menneske og politikk. Du må og vere flink til å snakke for deg og prøve å overtale andre menneske. Han seier vidare at han har vore interessert i politikk sidan han begynte på skulen.

*- Har du nokon gong blitt behandla ufint i media?*

Han stoppar opp, dette likar han ikkje å snakke om.

«Det å bli behandla ufint i media er noko du må ta med som politikar. Når du stikk nasen fram, er det sjølvsagt at nokon ristar i han. Nokon ristar harkare enn andre». Det vert ein pause, dette blir ubehageleg føler me, så me skyt i gang med eit nytt spørsmål.

*- Kva meiner du om likestilling?*

Bremer meiner at likestilling er heilt nødvendig for at samfunnet skal fungere bra. På Stortinget er det 32 menn og 32 kvinner, då blir det best resultat. Før gjaldt likestilling kjønn, no gjeld det alt av diskriminering. Eg har eit døme: Då kaffien kom, blei det meir likestilling. Før var det berre mannfolk som prata om dei viktige tinga. Men då kvinnfolka kom inn med kaffien, blei dei litt med i samtalane.

*- Korleis synst du klimakonferansen i København gjekk?*

Eg synst at me kunne ha kome litt lenger, men samtidig så gjekk det veldig bra fordi alle land var einige i at det må gjerast noko.

*- Du har vore medlem i Vice President Euro Montana, kva for ein organisasjon er det?*

Bremer forklrarar at det er eit nettverk for fjelland, 1/3 av Europas fjelland er medlem av organisasjonen. På møta diskuterer dei korleis dei best mogeleg kan løysa problema med å leva i fjellandskap. Nokre av landa som er medlem i organisasjonen er: Skottland, Austerrike, Sveits og Italia.



*- Me har gjort noko research der me har funne ut at du er medlem av Europarådet, kan du fortelje litt om dette?*

Ja, i Europarådet er det med 47 land frå Europa. Me jobbar for fred og stabilitet i Europa. Krig har på ein måte kjenneteikna Europa si historie, og dette vil me gjere noko med. I Europarådet kan kvart einskild menneske gå til rettssak mot sin eigen stat, dette skapar tryggleik. Grunnen er at staten kan bryte menneskerettane, og då kan kvart einskild menneske gå til sak mot staten. Me er 10 representantar ifrå Noreg. Me møtast 4 veker i året, møtet er i Frankrike.

*- Statsministeren seier at me må bygge landet vårt også når me er tom for olje, me må bygge landet vårt på kunnskap. Kva meiner du som sit i Utdanning- og forskningsdepartementet om dette?*

«Du har hørt nyttårstalen til statsministaren, høyrer eg. Det statsministaren seier her, er heilt rett. Han seier at me må bygge landet vårt på kvarandre sitt arbeid, med høgt utdanna folk kan me klara oss økonomisk, sjølv utan oljen. Difor er forsking og kunnskap så utruleg viktig».



## Familien Solverson i Fuglesteg

Mange, både unge og eldre, spreke og mindre spreke har hatt hugnad i å ta turen opp til høgdegarden Fuglesteg i Fortun. Særleg etter at bygningane er gjort klare for overnatting og til og med for kulturarrangement har det vorte populært å koma opp i "Stegad'n".

Langvegsfarande og aktive turgåarar frå mest heile Noreg har "oppdaga" denne perla av eit kulturminne, og kan fortelja om ei heilt uforgløymeleg oppleving.

Familien Solverson, som sist sommar tok turen

heilt frå USA og staten Wisconsin hadde høyrt gjennom familie og slektnigar der borte at barndomsheimen til ein av forfedrane skulle vera Fuglesteg i Fortun, Sogn... Stor var overraskinga, men også begeistringa, då familien endeleg fekk stiga over dørstokken i steinstova og kjenna atmosfæren tett på kroppen. No har me fått oppleva noko me aldri hadde drøymt om - !, fortel dei til Lustranytt, og er stolte over å kunna ha på seg T-skjorta med logoen til Fuglesteg.

Me spør om han nokon gong har måtta fronta ei sak han var usamdi.

Bremer svarar her at det har hendt. Han har måtta lagt fram ei sak som gjekk imot hans eigne meininger. Men når han får ei slik sak, prøver han helst å få nokon andre til å leggje fram saka. Fordi den som legg fram saka bør være truverdig, og ha tru på saka sjølv.

*Kvar ser du deg sjølv om 5 år?*  
Dette har han tenkt over før, så han svarar fort: «Politikken er uforutsigbar, ein veit aldri kor ein er om 5 år. Det går ikkje an

å planleggja ein politisk karriere, det er folket som vel kven dei er fornøgde med».

Me takkar for intervjuet og går ut av rommet. Ute i gangen stoppar han opp framføre ei tavle, han snur seg mot oss: «Veit de at det er 3000 lærarplanar i Noreg?». «Nei», svarar me. «Det visste ikkje eg heller for ei veke sidan». Han flirer og går ut døra.



Skrive av:  
Einar Urdshals og Margrete Skårhaug Solvi,  
9A ved Hafslø barne- og ungdomsskule.

# Nytiflytte lusteringar

Kvart kvartal får Luster kommune ei oversikt over tilflytte til Luster. Ordføraren tek for seg denne lista og sender eit velkomstbrev med litt informasjon om kva kommunen har å tilby. På denne lista finn

vi personar som har budd i Luster tidlegare, og personar som aldri har budd her før. Lustranytt har stilt fire spørsmål til nokon som har flytta til Luster i det siste, og her er svara vi har fått på e-post.

## Richard Nes

- *Fortel litt om deg sjølv?*

Bakgrunnen din, utdanning/yrke, kvar bur du no, etc  
- Eg er 26 år og er oppvaksen på Veitastrond. Flytta til Sogndal då eg byrja på vidaregåande skule i 1999. I 2002/03 var eg eit år i militæret før eg flytta attende til Sogndal. Eg gjekk då 3 år på Økonomi og administrasjon på HSF. Sidan 2006 har eg jobba på NAV Økonomitenester på Leikanger. 1. desember i fjor flytta eg og sambuaren min attende på Veitastrond. Her driv me butikken samstundes som at eg framleis har jobben min på Leikanger og pendlar dagleg.

- *Kvifor flytte du til Luster kommune?*

- Eg flytta attende fordi eg tykkjer Veitastrond er den finaste staden på jordkloden. Når butikken var til sals, og eg var så heldig at sambuaren min og hunden ville vera med, så var

valet enkelt.

- *Kva er det beste med å bu i Luster kommune?*

- Sjølvsagt er me heldige som har den flotte naturen, og så er det så masse kjekke folk her. Me er heldige som bur i ein kommune med mange små og levande bygder.

Av favorittaktivitetar så vil eg trekka fram heimekampane til Veitastrond Fotball på Leikvoll Stadion. Eg anbefalar alle å ta turen hit når Veitastrond spelar kamp ein varm sumardag. Med fyr i grillen, 200 tilskodarar og relativt god underhaldning på bana er dette absolutt prima vare.

- *Kva kan Luster kommune bli betre på?*

- For å halda oss innan fotballen så tykkjer eg det er synd at seniorlaget til Bjørn og Hafslo er så langt nede i divisjonssystemet. Dette gjer til at me på Veitastrond lyt reisa utanom kommunegrensa for å få god



Richard Nes

nok matching, og det er klart at dette kostar både tid og pengar for fotball-flaggskipet til Luster!



Stine Nordal

## Stine Nordal

- *Fortel litt om deg sjølv?*

Bakgrunnen din, utdanning/yrke, kvar bur du no, etc.

- Eg heiter Stine Nordal og er 19 år. Kjem opphavleg frå Gulen kommune, men for augeblikket bur eg i byggefeltet på Gjerde i

Jostedalen med sambuaren min, Kjetil Ruud.

Før eg flytta inn hit hadde eg gått 3 år på Mo og Jølster vidaregåande skule. Fyrste året med naturforvalting med vekt på hest, så andre året på hest og hovslagarfaget, og tilslutt på generell studiekompetanse.

Når eg var ferdig med generell studiekompetanse våren 2009,

# Erik Faye-Schjøll og Janne Skeie Olsen

- *Fortel litt om dykk sjølv?*  
Bakgrunnen, utdanning/yrke, kvar bur de no, etc
- Erik Faye-Schjøll, 31 år gammel og oppvokst i Oslo.  
Utdannet ved Høgskolen i Hedmark, Evenstad med bachelor grad i utmarksforvaltning og master i anvendt økologi, begge oppgavene skrevet rundt tema rypejakt. Jobber på Tørvis Hotell som jakt, fiske og aktivitets ansvarlig.
- Janne Skeie Olsen, 25 år gammel og oppvokst i Stavanger.  
Utdannet ved The arts institute at Bournemouth med bachelorgrad i fotografi. Etablerer seg for tiden som kunstner og utfører kommersielle oppdrag på forespørsel.
- Sammen med oss på Stølen i Marifjøra bor hundene Disco, Mira og Funk. Sikter mot å få inn flere dyr på gården til sommeren.
- *Kvifor flytte de til Luster kommune?*
- Etter å ha møttes på Hotel Mundal i Fjærland og en periode bodd over Kafè Marifjøra

ønsket vi oss en liten gård i området. Den vi ønsket oss mest var Stølen, og drømmen gikk i oppfyllelse.

Tusen takk!

Muligheten til å bo så midt i flott natur og å få lov til å være med å drive Tørvis Hotell fra åpningen av gjorde Luster til en attraktiv plass å slå seg ned etter endte studier. Vi tror at det finnes en mengde muligheter i Luster og gleder oss til framtiden.

- *Kva er det beste med å bu i Luster kommune?*

- Det beste med å bo i Luster er alle de hyggelige folkene her. Gode kolleger og nye venner, og en generell positiv holdning blandt de vi møter sørger for at vi trives. Fantastisk natur og forskjellige måter å ha det gøy i denne er en annen viktig arena for trivsel. God plass på gården, gode muligheter for hundene til å være ute og akkurat passe nærhet til de fleste steder man kan ønske seg gjør Stølen til et perfekt sted å bo.

- *Kva kan Luster kommune bli betre på?*

Luster kommune har en masse unik natur. Jobben å ta vare på

bestemte eg meg for å ta eit arbeidsår, så for tida jobbar eg i Jostedal barnehage og som støttekontakt. Dette trivst eg godt med.

- *Kvifor flytte du til Luster kommune?*

- Grunnen til at eg flytta til Luster kommune var vel fordi kjærasten min budde her inne og var med i samdrift, så då var det lettare for meg å busette meg

her inne. Og sidan eg hadde planar om å ta meg eit arbeidsår, så var det akkurat det same kor eg skulle vere hen.

- *Kva er det beste med å bu i Luster kommune?*

- Det beste med å bu i Luster kommune er at folk er så hyggelege og snille. Det er særleg jostedøler eg er blitt kjent med. I tillegg kan eg legge til at det er ein flott natur her inne, og så at



Erik Faye-Schjøll og Janne Skeie Olsen saman med hunden Funk.

denne bør etter min (Erik's) vurdering prioriteres så høyt som mulig. Konkrete ønsker er at fjorden og elvene skal være fulle av fisk, at gammel piggråd og gjærder kunne forsvinne fra utmark, at kulturlandskapet blir holdt i hevd eller øker, stadig tettere hjortebestand uten at det gikk ut over vinterbeitet eller viltulykker, og at det var jevnt mye ryper som trykker godt for hundene i perfekte jaktsituasjoner. Alt dette kan kanskje ikke kommunen ordne, men jeg synes vi skal prøve!

Janne er glad i kultur og samtidskunst og håper kommunen vil være mest mulig med å legge tilrette for dette i Luster.

Vi føler oss heldige som bor her!

det er mogelegheit for å delta på mange forskjellige aktivitetar.

- *Kva kan Luster kommune bli betre på?*

- Godt spørsmål, eg har jo ikkje budd her så lenge, så eg har ingen meininger om kva som kan bli betre.

# Joar Fossøy

- Fortel litt om deg sjølv? Bakgrunnen din, utan-ning/yrke, kvar bur du no, etc

- Eg 28 år gamal, kjem frå Nes og har ein far ved namn Arne, ei mor som heiter Elbjørg og ein bror som kallar seg Gif. Etter å ha fullført idrett grunnfag

våren 2004, fall valet på Oslo og Noregs idretts-høgskule. Her fullførte eg først ein bachelor i Idrett Individ og Samfunn, før det heile enda med ein mastergrad i idrettshistorie. Mitt felt er fotballhistorie, og tema for oppgåva var tippekampen sin rolle i norsk presse, sett i ein samfunnsmessig kontekst. Etter avslutta studie jobba eg først nokre månader ved Luster ungdomsskule, før eg fekk tok til i eit engasjement som inntaksmedarbeidar ved Utdanningsetaten i Oslo. Sumaren 2009 fekk eg tilbod om jobb som områdevikar ved Gaupne skule og Luster ungdomsskule. Det passa då bra å forlate bylivet å setje kurser heim att til Indre Sogn etter 5 år i tigerstaden. Tok det mentalt tunge steget i haust og busette meg i Gaupne. (Det er eit hardt slag for ein Nesing).

- Kvifor flytte du til Luster kommune?

- Borte bra, men heime best er vel noko som heiter? Det same gjeld for meg. Familie, vener og ein kjæraste i Aurland var heilt klart medverkande årsaker. I tillegg var det her eg fekk tilbod om jobb, noko som gjorde valet endå enklare.

- Kva er det beste med å bu i Luster kommune?

- Det er trygt og godt å bu i Luster, noko som gjev ro i kropp og sjel. Ein sumardag på fjorden er òg alle tiders. Eg er svært idretts- og musikkinteresert, og desse aktivitetane får eg praktisert her. Er aktiv spelar på IL Bjørn, og trakterar trommene i bandet Ivory. Engasjerer meg elles innan den aldersbestemte fotballen, og er trommeinstruktør for to trommeslagarar i Gaupne skule- og ungdomskorps.

- Kva kan Luster kommune bli betre på?

- Ta endå betre vare på bygdene våre, samt kunne tilby attraktive jobbar og bustader slik at utflytte lustringar vil kome attende til kommunen vår. Sjølv om Luster kommune vart kåra til den beste kommunen å bu i, må ein ikkje gløyme at ein kanskje ikkje er like god i alt.



# Nytt frå Sørsida



Norvald Skogly. Foto: Stein Bugge Næss.

## BegeistRingen 2009 til Norvald Skogly

Det var for femte året på rad utdeling av BegeistRingen 2009 i regi av samarbeidsgruppa for sørsida. Prisen er ei oppmuntring og påskjønning for innsatsen nokon gjer for andre! I år vedtok samarbeidsgruppa å gi den til Norvald Skogly i Kroken, med følgjande grunngjeving;

"Norvald seier aldri nei når nokon ber om hjelp. Det kan vera arbeid med mjølking, kalving eller snekring. Han er heller ikkje vanskeleg å spørja når ein treng hjelp til noko elektrisk eller teknisk. Han hjelper dei eldre og sjuke som den største sjølvfølge, og er som ein vaktmeister for heile bygda."

Me har tru på at det meste let seg utretta når me omgir oss med glede, glød og begeistring. Når humoren, fantasien og pågangsmotet vert sleppt laust. Når me er mange som oppmunstrar kvarandre. Eigentleg handlar det meste om oppmuntring.

## Karneval på sørsida

Den 24. februar var det KARNEVAL på sørsida. Sjørøvarar, prinsesser, bier, indianarar, røvarar, babyar, fugleskremsel, bygdefolk, og eg veit ikkje kva!, møttes til karneval på Sørheim grendahus. Gledeleg mange tok turen denne kvelden! Til og med pinjata'n måtte opnast og etterfyllast etterkvart som folk kom til - FLOTT!

Det vart servert heimegjort pizza, saft og kaffi, deretter var det "slå-på-pinjata" opp i salen. Nokre rundar med langkosten måtte til før innhal-det datt i golvet. Medan dei yngste karnevalsdelta-karane kosa seg med pinjata-fangsten, var det kaffi og kaker i "kjellaren". Deretter dans og limbo til det var dags å rusla heim, Olé!



## Kulturvelden i Munthehuset

Fredag 7. mai er dato for årets kulturveld på Munthehuset i Kroken. Då får me besøk av forfattar HERBJØRG WASSMO. Det vert god musikk med GRO BREMER fra Hafslo og god mat i stemningsfulle omgjevnader. Nærare informasjon om tidspunkt og anna vert annonser i lokalmedia når det nærmar seg. Erfaringa tilseier at det kan vera lurt å vera tidleg ute med reservering. Reservering av plass kan gjerast til: Trygve Lerum lerums@online.no, tlf. 91194354, eller Marianne Bugge marianne.bugge@luster.kommune.no, tlf. 91532784.

## Nina Children Home i Kenya

Nina Sørlie frå Kinsedal i Luster reiste til Kenya første gong i 2004. I oktober 2005 leigde ho eit hus, pussa opp og fekk innlagt vatn. Barnevernet kom med dei første 10 borna. I januar 2006 fikk dei 8 eldste borna skuleuniform, og dei 2 minste begynte i barnehage.


2006 innførte myndighetene krav om at alle godkjende barnehei-mar skulle ha minst 20 born, dette var noko å strekkja seg etter. På barneheimen til Nina bur det i dag 20 born og ein gammal blind mann.

I september 2008 flytta ho inn på ein veleigna eigedom, med god plass. Denne eigedomen har Nina kjøpt. Nina har finansiert eigedomen med innsamla midlar, halvparten av beløpet har ho lånt i banken og sett huset sitt som sikkerheit for lånet. Barneheimen har mange faste gjevarar som dekkjer budsjettet og avdraga til banken. Nina treng likevel pengar til vedlikehald.

Ei gáve til Nina Children Home går direkte til dei som treng det, utan at pengane forsvinn i administrasjon osv. Borna på barneheimen i Kenya, får direkte nytte av pengane, i form av mat, vatn, hus, skulegang osv. Nina Sørlie har sjølv starta denne barneheimen med eigne midlar.

Samarbeidsgruppa for sørsida er stolte av sambygdingen vår som gjer ein slik innsats for dei som er mindre heldige enn oss. Om du vil gi ei gáve til barneheimen er barneheimskontoen: 3785 12 22775.





# MOLDEN OPP

## frå 0 – 1.116 moh på 7 km

For første gong vert motbakkeløpet Molden Opp arrangert 19. juni 2010. Starten går utanfor Tørvis Hotel i Marifjøra ved Lustrafjordan. Mål er på Molden 1.116 moh. Løypa har ikkje unnabakkar. Løypa er særsvaert både med omsyn til løpsunderlag og stigningsprosent. Etter om lag 1,5 km (og 110 høgdemeter) på brei turveg/traktorveg/grusveg går løypa på sti oppover i skogen med store variasjonar i stigningsprosent mellom 5 og 25 opp til stølsområdet ved Svolsete 775 moh. Frå Svolsete og opp mot mål går løypa i lettlopt fjellterren, men med nokre bratte kneiker som kun dei aller beste kan springe opp. Opp mot toppen er det flott utsyn sørvestover mot Hafslo, nordvestover mot Gaupne, Jostedalen, Jostedalsbreen og nordaustover mot Lustrafjorden, Skjolden, Fanaråken og Hurrungane i Jotunheimen. Det er venta at løpet kan få ei vinnartid på omlag 50-55 min dersom dei beste i Noreg deltek.

Sjå løypetraseen som er innteikna på biletet ovanfor. Det er hotellsjefen på Tørvis Hotel, Bård Husby som peikar.

### Starttider:

Kl. 11.16 går fellesstarten for konkurranseklassane ved Tørvis Hotel i Marifjøra. Nedre aldersgrense er 15 år (f. 1995). Kl. 08.30 – 10.00 er valfri starttid for mosjon utan tidtaking i FO. Nedre aldersgrense her er 12 år (f. 1998). Yngre born enn 12 år kan kun delta i følgje med foreldre. Deltakarane kan starte når dei sjølv vil i tidsrommet kl. 08.30 - 10.00. Erfaringa er at dei aller fleste vil starte så tidleg som råd for å være på toppen i målområdet for å sjå innspurten i konkurranseklassane. Då må du vere på toppen før kl. 12.10. Dei beste brukar under ein time til topps!

Arrangøren vil oppfordre alle i trimklassa om å kome seg til topps på Molden før kl. 12.10 for å lage ei flott stemning i målområdet når konkuranseløparane kjem stormande i mål. Alle,

både trimmarar og konkurransełopparar, som startar på nedturen medan løparar framleis er på opptur har ”vikeplikt” og må vise omsyn.

### Påmeldingsfristen i konkurranseklassane er 1. juni.

Etterpåmelding i konkurranseklassane etter 1. juni er mogeleg mot ekstra påmeldingsavgift kr 75,- fram t.o.m. torsdag 17. juni kl. 16.00. Då stenger nettpåmeldinga!

I mosjonsklassa utan tidtaking er det påmelding utan etterpåmeldingsgebyr fram til torsdag 17. juni kl. 16.00. Då stenger nettpåmeldinga! I mosjonsklassa utan tidtaking er det mogeleg med etterpåmelding løpsdagen ved start ved Tørvis Hotel i Marifjøra kl. 08.30 til kl. 10.00 mot eit tillegg på kr. 50,-.

Teksten ovanfor er henta frå heimesida til Molden Opp, og det er der du må gå inn for å melde deg på:

<http://www.moldenopp.no/>



## Lustrabui hadde besøk av fargerik, utflytt lustrajente

Den vesle raude bilen var stappfull av kle og pyntesaker då ho køyerde frå Stokke til Luster fyrste helga i desember,- og gitaren var med.

Hildur Øygarden var invitert til Lustrabui med salsutstilling og mannekengoppvising. Frodig utstilling og snertne mannekengar var friske innslag i desembermørket.

Hildur har drive som sølvsmed og smykkekunstnar i over 20 år, - frå Setesdal via Beitostølen til Vestfold, der ho bur no.

I tillegg til sølvarbeid i mange forskjellige utgåver, så inspirerar fargar, mønster, garn og tekstilar til å laga kle som ingen har maken til. Her er gjenbruk av gardiner, skjerf, bukser, sofapu-

ter, knappar og perler i fantasifulle kreasjonar.

Om du vil sjå så ta ein kik på nettsida [hildurmix.no](http://hildurmix.no)

Som syttenåring reiste Hildur rundt i Luster og samla viser, regler og stev. Mange godbitar

lærde ho frå desse som song mykje både i arbeidet og elles, men som no er borte.

Laurdagskvelden vart utstillinga avslutta med gitaren, visesang og allsang til glede for, og ilag med dei frammøtte.



# Lustramarknaden 10. - 13. juni

Me startar sommaren med eit tradisjonelt og spenstig arrangement i år også!

Lustramarknaden har faktisk vorte eit arrangement med mange tradisjonar både for lokale og omstreifande kremmarar. Det er heller ikkje tvil om at for eit stort publikum vert dette opplevd som eit arrangement der næring og kultur møtest på ein triveleg måte.

## Alle kan vera med

Dei som driv rein næringsverksamhet betalar ei leige for areral til sin stand og ein andel av den felles marknadsføringa som vert utført av Lustramarknaden. Alle andre frivillige lag og organisasjonar betalar ei symbolisk avgift for felles marknadsføring.

## Viktig arena for nye tiltak

For dei i kommunen og nærområdet som driv innan småskala-verksamhet og heime-industri og innan husflid, mat produksjon osv. er dette ein viktig arena for å møta sitt publikum. Her er ingen for liten til å vera med! Oppmodinga går difor til alle som har noko dei vi visa fram, eller selja: Ta kontakt med Lustramarknaden og meld deg på!

## Frivillige organisasjoner

Lustramarknaden utfordrar alle lag og organisasjoner, store og små - har de noko å formidle? - bruk Lustramarknaden som vindauge mot verda og nærmiljøet ditt!

Det er spennande å konstatere at lokale arrangement som t.d. sykkellopet Gaupne Grand Prix og mosjons- og landevegsløpet Lustraløpet no er ein utvida del av Lustramarknaden. Her ligg det rimeleg godt til rette for å



utvide med fleire arrangement, og såleis nytte godt av den felles marknadsføringa.

## Lustramarknaden

er organisert som ein "aksjonskomite" der Luster Sparebank, Luster kommune, Pyramiden Senterforening og COOP – Prix Gaupne er representerte. I 2010 er desse med i arrangementskomiteen:

- Leiar i Lustramarknadskomiteen Alf Henning Evjestad, tlf.: 57 68 27 04 , ahe@gaupne.no
- Repr. for Luster kommune Erling Bjørnetun, tlf.: 57 68 55 21  
erling.bjornetun@luster.kommune.no
- Repr. for Pyramiden Senter, Svein Norberg, tlf. 57 68 67 05, fax 57 68 62 63, post@pyramidensenter.no
- Senterleiar PRIX Gaupne

**Idear til lokale tiltak kan bli ein del av Lustramarknaden**  
Idear til nye innslag vil alltid vera velkomne. Styrken ved å stå

Folk trivst på Lustramarknaden

samla er som regel meir effektiv både ved felles marknadsføring og sjølve opplevinga av å vera fleire i møte med publikum. Prioritering av arrangement på vekedagar før den store marknadsdagen på laurdag er tema for arrangementskomiteen kvart år. Har du / de eigne arrangement som passar inn under vignetten og mottoet? Ta kontakt med Erling Bjørnetun (tlf. 57685521).

## Påmeldingsfrist 15. mai

Det er eit mål å ha oversyn over alle utstillarane og plassen desse treng i god tid før sjølve marknadsdagen. For å vera trygg på at de får plass MÅ de vera påmeldte og ha betalt inn standleige på førehand til: 3785.60.24181. Prisar får de ved å venda dykk til arrangementskomiteen. Utstillarane må sjølve halda bord/stol og ev. monteringsegg.

*I fjor gjekk den eine turen til Rebni i Skjolden.*



# Luster Revmatikarforening: Ny sesong med gåturar startar etter påske

Luster Revmatikarforening starta i 2007 med å organisere gåturar til ulike stader i kommunen. Turane passar for alle som likar å gå tur, men som av ulike helsemessige årsaker ikkje klarar å gå lange tunge fjellturar. Men alle andre er også hjarteleg velkomne å vere med. Dei fleste turane tek vel ein time fram til staden vi har valt. Her har vi matpause og går så attende. Køyring til utgangspunktet kjem i tillegg.

I 2009 vart det 33 turar og over 40 personar var med. Det var turar til ulike stader, som t.d. Veitastrand, frå Solvorn utetter fjorden til Nyre, stølen Fossen på Hafslo, frå Gaupne langs Jostedøla, Rebni på Skjolden, Nørstedalen og mange fleire. Og

det dukkar stadig opp nye idear om aktuelle stader å besøke. Turane startar med oppmøte på parkeringsplassen ved Prix i Gaupne kl.10.30 kvar tysdag. Det er inga påmelding. Ta med mat og drikke og møt opp. Køyring vert så samordna og turen startar.

I 2009 laga vi opplegg med fastlagt turprogram som vart delt ut til alle. Det vert same opplegget dette året og, men målet for dei ulike turane er ikkje fastlagt enno. Alle som vil lesa om turane og ev. sjå turprogrammet kan gå inn på turbloggen på [www.gaoturane.blogspot.com](http://www.gaoturane.blogspot.com).

**Første turen 2010**  
startar etter påske: Tysdag 6. april. Frammøte på parkerings-

plassen ved Prix i Gaupne kl 10.30. Vi vonar at mange vil vera med. Alle er velkomne.



*Vi besøkte også stølen Fossen på Hafslo.*



*Her i Solvorn vil det verta arrangert strandsitjardagar i september. Foto: Erling Bjørnetun.*

# Strandsitjardagar i Solvorn

For eit par år sidan kalla Solvorn bygdalag saman alle i Solvorn for å koma med idear og forslag til fleire aktivitetar i bygda. Ein idé var å markere Solvorn som ei bygd som frå gammalt av har vore tett knytta til fjorden, ei bygd som levde med og av fjorden .

Slik vart det bestemt å arrangere fjorddagar eller strandsitjardagar, oppkalla etter dei som budde langs strondi; strandsitjarane. Bygdalaget valde ei nemnd som skulle arbeide med dette. Etter fleire idérike møte er det laga ei skisse over innhaldet til desse dagane.

Arrangementet er tenkt å vera i midten av september og målet er å skapa liv og røre i alle krokar og krikar av Solvorn-strondi.

- Fredag 17. september er sett av til kåseri der temaet er det gamle strandsitjarmiljøet. Ei lokal sang-gruppe vil henta fram songar frå gamle dagar, og det vert servering - alt på Galleri Walaker.
- Laurdag 18. september opnar ein salsbodar i nausta og på kaien. I nokre av dei gamle butikklokala vert det utstillingar og utsal. I salsbodane og utsala håpar ein å tilby fisk og sjømat, grønsaker, frukt, husflidsvarer og anna handverk.

- På fjorden vil det bli tevling i roing. Kanskje guiding langs sjøteigane, og ein håpar å ha på plass kajakkar for dei som vil prøva det.
- Det blir og arbeidd med å få til eit vandreteater som viser hendingar eller historiar som er knytta til nokre av dei gamle husa.
- Ein planlegg fotoutstillingar med biletar både frå gamal og ny tid.
- Nemndi vil samarbeida med kystbåtlaget og MS Atløy for å få til eit variert og rikt båtmiljø i strondi.

Så er det berre å håpa at mange tek turen til Solvorn for å oppleva eit levande og pulserande strandsitjarmiljø i midten av september.



*MS Atløy vil ligge ved kaia i Solvorn 17. og 18. september.*

# Kulturdagane Skjolden 2010

Kulturdagane Skjolden blir i år laurdag 29. og søndag 30. mai. Dei faste innslaga med kulturprogram, salsutstillingar, frukost, grilling og ulike arrangement blir tilskipa for 22. gong i år. Arrangørane arbeidar no med programmet og ser fram til ei ny helg med mykje moro på Skjolden.

**Kulturprogram frå utescenen**  
 Laurdag startar det heile med musikalsk opning og utdeling av årets "Kulturdagarpris" kl 12. Programmet frå scenen ved Fjordstova vil by på sang, musikk og dans frå eit stort spekter av lokale utøvarar. M/S "Saga Ruby" har anløp på laurdag og ein får difor mange ekstra gjester. Den nye cruisekaien skal takast i bruk og mange vil nok nytta høvet til å sjå nærmare på både kaien, servicebygget og dei flotte hyttene .

**Filmen om Mørkridsdalen**  
 Temaet i år blir "Film". Kulturdagane Skjolden har i samarbeid med Bjørn Bergum laga film om Mørkridsdalen. Dette er ein film som går gjennom fire årstider, basert på materiell og intervju med lokale brukarar av dalen. Ei fin skildring av ei bygd, eit landskapsvernområde og ein nasjonalpark frå tidlegare tider til i dag. Det blir førpremiere laurdag 29. mai og premiere med program søndag 30. mai som ei avslutning på dagane. Ei utstilling i salen i Fjordstova er open for alle og vil innehalde mykje bilet og utstyr relatert til temaet.

## Fellesfrukost på søndag

"Frukost i det fri" blir også i år i hotellhagen, som vanleg frå kl 9 til 11. I fjor samla 250 personar



*"The Tramps": Rune Larsen (vokal), Dag Sindre Vagle (bouzouki, fløyte, vokal), Hans A. Wassvik (bass), Stian Tønnesen (mandolin, vokal), Frank Eriksen (gitar), Morten Jackman (trommer).*

seg til ei felles matøkt med flott utsyn til fjorden i strålande sol. Dette er eit av høgdepunkta under Kulturdagane og det beste bevis på at dugnadsånda på Skjolden er stor. Det blir både gudsteneste og fest i Bedehuset i løpet av dagane. I biblioteket blir det kunstutstilling og rundt om ute og inne vil ein finne salsutstillingar av gåveartiklar, bruksting og mat. Fleire lokale organisasjoner vil presentere seg og det vil bli aktivitetar som natursti, lotteri, kajakkpadling, sandvolleyballturnering og pistolskyting. Fleire aktivitetar vil komme til etterkvart som programmet tek form, særleg med tanke på alle borna som vitjar Kulturdagane.

## Utedans på Skjolden Brygge

Bryggedansen er ein ny tradisjon som truleg er kommen for å bli. I år kjem Stavanger-gruppa "The Tramps" til Skjolden og vil garantert sørge for at folk får

svinga seg . Desse karane er eit unikum på scenen og har spelt saman sidan 1994. Dei høyrer til innan irskinspirert musikk og folkrock, men har dei seinare åra også inkludert amerikansk folkrock/country. I tillegg til A-liste hitar, har dei mykje eigenprodusert materiell inspirert av folkrock band som Fairport Convention, Waterboys og The Dubliners.

"The Tramps" har gitt ut 5 cd'ar og består av profesjonelle musikkar med lang fartstid innan dei ulike deler av musikkmiljøet i Norge. Vi har sett dei på tv, hørt dei på radio og kanskje også hørt dei på konsert. No kan sogningar og andre snart danse til dei på Skjolden Brygge! Her blir det jigs, reels, rock og country ved Lustrafjorden. Ein dugnadsgjeng arbeidar for at du skal ha ei fin oppleveling på Skjolden denne helga. Set av siste helga i mai og kom!



*Det var flott innsats av Bjørnløparane i Ungdomen sitt Holmenkollrenn. Her tek Håvard Ruud godt imot Bertine Thorsnes Lefdal t.v og Ane Øvregard Røhme etter løpet i klassisk distanse.*

## Lustringar i langrennsporet

Sjølv om det omtrent kvar dag er mediaoppslag på store snømengder, er det lite snø som har lagt seg i Luster denne vinteren. Me ynskjer oss skiføre lenge før jul, og reiser då langt for å få gå på ski.

Langrennsløparar frå Luster starta treningane sine frammi Jostedal ved Fåbergstølen. Seinare fekk me nok snø til å gå i Leirdalen og på Heggmyrane. I februar fekk me også løype i

Luster og i Jostedal ved samfunnshuset.

All ros til idrettslaga som legg til rette for at unge og gamle skal få gå på ski. Mange småborn deltek i skikarusellen i fleire av bygdene våre, ei gruppe deltek i konkurransar medan andre trivst best med å gå på turar. Barnas Turlag har flott opplegg. Møt opp på deira aktivitetar. Det er alltid inspirerande å vere saman med fleire. Dei som vil gå på tid

har mange muligheter på skirenn her i kommunen, i nabokommunen eller fylket.

Aldersgruppa over 13 år har også høve til å delta på landsrenn.

Skiløparane i idrettslaget til Luster, Hafslo og Bjørn samarbeider mykje og har denne sesongen hatt fleire felles samlingar. Det er kjekt skimiljø.



Barnas Turlag på tur til Blåtjønn i Jostedal.

Etter skitur smakar maten ekstra godt.



## Ski i påskehelga

Sidan Lustranytt vert sendt i trykken 2 veker før påskehelga startar, er det vanskeleg å skrive om kvar det er gode skiforhold i påsken.

Me vel difor å tipse om nettstader der du kan få informasjon om løyper, skitrekk og skiturar:

- [www.skisogn.no](http://www.skisogn.no)
- [www.turtagro.no](http://www.turtagro.no)
- [www.turistforeningen.no/luster](http://www.turistforeningen.no/luster)

Hugs også skirennna Hafslvatnet rundt på palme-søndag og Bjønnarennet på skjærtorsdag.  
Luster turlag har skileik i Turtagrø påskeafta.



Dette arkivfotoet er frå Veitastrond 2007.



Trioen "To Rette og Ein Rang". Frå venstre: Helene Myklemyr, John Oddvar Kandal og Håkon Høgemo.  
Foto: Oskar Andersen.

# Folkemusikarar frå øvste hylle til Jostedalen

Jostedal Spel – og Dansarlag inviterer til stor folkemusikk – og gammaldanskveld laurdag 27. mars (palmelaurdag). Sigrid Moldestad med band kjem til Jostedalen denne kvelden, og det er duka for konsert og dans i samfunnshuset. Dei som hørde Sigrid og bandet hennar på Meieriet i samband med studentveka, kan trygt skrive under på at konserten er vel verdt eit besøk, sameis har mange i minne ei uforgløymeleg oppleving frå Fuglesteg sist sommar! Ho er ute med ny plate i desse dagar, og den har hausta gode

ord og høge terningkast. Sigrid Moldestad debuterte som soloartist i 2007 med plata "TAUS felefortellingar" som ho fekk Spellemannsprisen for. Den handla om dei uvanleg mange kvinnelige spelemennene i heimtraktene hennar for 150 år sidan. TAUS var suksess både som plate og som forestilling med regi av Tore Nysæther. Ho har også gjeve ut plater med gruppene Spindel og Gamaltnymalt (Spellemannpris 2005).

**Dans etter konserten**  
Etter konserten blir det rydda

golv til dans. Dansemusikken står trioen "To Rette og Ein Rang" for. Bak denne trioen skjuler det seg tre kjende og solide namn innan norsk folkemusikk- og gammaldansmiljø:

**Håkon Høgemo**, hardingfele – busett på Osterøy med sterke røter til Jostedalen. Tradisjonsberar, spelemannprisvinnar og "meisterspelemann" **John Oddvar Kandal**, fele - kjem frå Breim i Nordfjord, og er ein av dei aller beste felespelarane frå fylket vårt. Han ivaretek speletradisjonen etter Peder Råd og Per Støyva m.fl. Han er

Vi saksar frå Sogn Avis:

## NM-vinnarar frå Gaupne

Sarah Fiskaa Haugen (13) frå Gaupne hadde ei svært vellukka NM-helg i fjelltelemarkkøyring. Den unge telemarkkøyrvaren klatra heilt til topps på sigerspallen etter fjelltelemarkrennet i Leikanger laurdag 6. mars. Søndag vart det sølv i klassen jenter 14-15 år i stor-slalåmrennet på Heggmyrane, og Sarah hadde god grunn til glisa breitt.

– Eg er veldig fornøygd med helga, det er veldig kjekt NM her på heimebane. Eg kører betre når det er kjentfolk som står nede og heiør, smiler ho.

Sarah hadde til og med ein eigen heiagjeng med seg på Heggmyrane. Søstera hennar og ei veninne stod i målområdet med ein plakat med namnet hennar på, og då blir det jo ekstra stas å køyra NM.

– Eg hadde eit fall i dag, så eg fekk lite fart inn på hoppet, men eg er godt nøgd med andrepllassen, seier Sarah, og legg til at medaljane skal hengjast opp heime på rommet.

Tekst og foto: Birthe Johanne F. Finstad



Ole Andreas Stegeggerdet fekk regjera pallen på Hafslø heilt åleine sidan han var einaste deltakar i klassen gutar 12 – 13 år.

Sigrid Moldestad

frontfiguren og leiaren i m.a. Kandals orkester, men er også ein framragande solospelemann. *Helene Myklemyr, trekkspel* – er på heimebane. Ho er oppteken av å ivareta spelemannstradisjonen etter trekkspelaren Oddvar Stegeggerdet, og då er samspelet med fela nærliggjande.

Desse tre er kvar for seg kjende for drivande og godt dansespel! Når dei no har slege seg saman, er dansemusikken i dei aller beste hender! Frå lang tid attende har folk farta over breen mellom Jostedalen og Nordfjord, spelemenn likeså, og mykje av stoffet vi har i Sogn, finn me også att i Nordfjordtradisjon. Difor har desse tre spelemennene mykje



felles, både i spelestil og slåttrepertoar, som og gjenspeglar seg i felles speglede.

Spelemannslaget vil leggje opp til hyggjeleg stemning i samfunnshuset denne kvelden, og det vert høve å få kjøpe seg både mat og drikke av ymse slag. For dei som vil ha overnatting i sam-

band med palmehelga, er det berre å ta kontakt med Jostedal Hotell.

Jostedal Spel- og Dansarlag ynskjer alle hjarteleg velkomne til Jostedal Samfunnshus denne kvelden og til ein fin start på påskefeiringa!


# Utstillingsvindauga rapporterer til kommunestyret

- Eg har tru på at det betyr mykje å få fokus på saka. Det sa Bergljot Buskaker då ho informerte kommunestyret om arbeidet til styringsgruppa Utstillingsvindauga for kvinner i lokalpolitikken. Styringsgruppa presenterte arbeidet sitt gjennom 2009 og planar for 2010.

Luster er einaste kommunen i fylket som er med på Kommunal- og regionaldepartementet sitt fireårige prosjekt der målet er å

- få fleire kvinner i styre, råd og utval,
- få fleire kvinner til å halde fram i politikken,
- få fleire kvinner i politiske leiarverv.

Prosjektperioden varer til og med kommunevalet 2011.



Brosjyre til partia i nominasjonsprosessen. Ligg på [www.luster.kommune.no](http://www.luster.kommune.no).



## Kast deg uti det!

Styringsgruppa i Luster har valt å arrangere jentekveldar. Dette har vore godt besøkte inspirasjonskveldar der dyktige jenter; politikarar og næringsdrivande har fortalt om eigne erfaringar og oppmoda andre jenter om å kaste seg uti det.

## Kvífor er kvinner mindre synlege enn menn i media?

Den påstanden hadde styringsgruppa framføre det opne mediamøtet der NRK Sogn og Fjordane og Sogn avis deltok saman med Marit Rein frå avisa Nordlys. Kvinner må bli modigare, og media må vere meir bevisste på sine kjelder.

## Partimøte

Forskarar frå Rokkansenteret som er knytta til Universitet i Bergen føl dette prosjektet. Styringsgruppa har engasjert dei til å kome til Luster på eit par møte med partia her. Her har det vore lagt vekt på å informere

*Bergljot Buskaker.*

om fakta, tala syner at Luster har leggst kvinnedel i kommunestyret i perioden 1979 - 2007, med eit gjennomsnitt på 22%. Dette har vore utgangspunkt for drøftingar i korleis rekruttere fleire kvinner og halde på dei som er innvalde.

Kvinnene i kommunestyret har også fått tilbod om økonomikurs siste året.

I 2010 har styringsgruppa fokus på å nå ut med informasjon om nominasjonsprosessen og inspirere fleire kvinner til å stille på vallister. I kvart nummer av Lustranytt vil styringsgruppa informere om arbeidet sitt.

Styringsgruppa ynskjer å få innspel til arbeidet sitt. Medlemene er: Torodd Urnes, Bergljot Buskaker, Sølv Fretheim Steig, Susanne Heen Veum og Arve Bjørn Røneid.

Du kan også lese om arbeidet på [www.luster.kommune.no](http://www.luster.kommune.no).



Arve B. Røneid  
har førebudd  
mange spørsmål



Kven er dette?



Nokre over-  
raskande  
innslag må vi  
også ha.

# Velkommen til ny jentekveld

på Gaupne hotell  
fredag 9. april kl 19.00



## Quiz for jenter i alle aldrar!

Dette blir ein kveld med spørjekonkurrans, god mat og underhaldning.

Du lærer heilt sikkert noko nytt om Luster kommune og kvinner i politikken.

Me satsar på stort engasjement både frå deltakarane og underhaldningsgjengen i Gaupne-revyen!

**Ta med deg ei eller fleire veninner og kom!**

Gratis inngang.

**Arrangør:** Luster kommune si styringsgruppe – utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken



**Luster kommune**

**Returadresse:**  
**Luster kommune,**  
**N-6868 Gaupne, Noreg/Norway**

NORGE



## Offentleg bading

Badebassenga i Luster har desse opningsidene:

FJORDSTOVA, SKJOLDEN • tlf. 57 68 67 44

tysdag kl. 18.00 - 21.00

fredag kl. 18.00 - 21.00

søndag kl. 16.00 - 19.00

JOSTEDAL SAMFUNNSHUS • tlf. 57 68 59 68 / 69

tysdag kl. 18.00 - 21.00

onsdag kl. 18.00 - 19.00 (funksjonshemma)

kl. 19.00 - 20.00

(medl. av Luster Revmatikarforening)

kl. 20.00 - 21.00

(eldre og evt. andre revmatikarar)

Bassenget er stengt når elevane har skulefri.

LUSTER UNGDOMSSKULE

måndag kl. 17.00 - 21.00

onsdag kl. 17.00 - 21.00

Bassenget er stengt når elevane har skulefri.



## Bibliotek

HOVUDBIBLIOTEK

GAUPNE tlf. 57 68 56 53

Måndag stengt

Tysdag 10.00-16.00

Onsdag 10.00-16.00

Torsdag 10.00-17.00

Fredag 10.00-16.00

Laurdag 11.00-14.00

HAFSLO tlf. 57 68 23 33

Måndag: 10.00-17.00

Tysdag : 09.00-14.00

Onsdag: 09.00-15.00

SKJOLDEN tlf. 57 68 67 92

Tysdag:16.30-19.30

Siste veka i kvar månad er  
biblioteket ope torsdag på  
dagtid, tysdag stengt.

VEITASTROND

Måndag: 13.30-15.30



## "Adle ska fao"

### Påskerevy i Gaupne

"Adle ska fao" er tittelen på framsyninga i 2010, og kva som ligg i den tittelen er det opp til kvar enkelt å tenkja ut...

I følgje sikre kjelder vert det meldt at det heller ikkje denne gongen har vore mangel på revystoff frå glandene våre. Mellom anna så er det vel ikkje utenkjeleg at ein streifar innom Luster Bad?

Musikkens vene i Gaupne er i alle høve klar for den tradisjonsrike revyen, med framsyningar palmelaurdag kl 19.30, palmesøndag kl 20.00 og onsdag før skjærtorsdag kl 20.00.

